




DEL 2

Utvalde fokus frå forsøks- og utviklingsarbeidet



I denne delen av rapporten fokuserer Styringsgruppa på nokre sentrale tema frå forsøksarbeidet. Det er mange område som kunne ha blitt trekte fram frå denne perioden av trusopplæringa, men av plassomsyn har Styringsgruppa tatt eit utval. Fokuseringsområda byggjer på rapportane frå prosjekta, frå nasjonale kompetansenettverk, evaluering, forskning og anna utviklingsarbeid i reforma. Erfaringsmaterialet frå prosjektfasen er omfattande. Samstundes vil stadig fleire erfaringar bli rapporterte etter kvart som reforma blir bygd ut. Det vil vere ei sentral oppgåve i det vidare arbeidet med ei fornya trusopplæring å arbeide vidare med det stadig veksande erfaringsmaterialet på ein måte som gir kyrkja ny kunnskap på dette viktige feltet.

1 FORNYA FORSTÅING AV BARN OG UNGE

Barn og unge er ikkje kyrkja for morgondagen, dei er kyrkja i dag. Setninga er henta frå bakgrunnsdokumentet som gjer greie for trusopplæringa si grunnlagstenking og oppdrag. Gjennom å setje overskrifta «Størst av alt» på trusopplæringsreforma har Styringsgruppa ønskt å fokusere på Jesu lære om barnet sin plass i Guds rike:

Nettopp då kom disiplane og spurde Jesus: «Kven er den største i himmelriket?» Då kalla han til seg eit lite barn, stilte det midt iblant dei og sa: «Sanneleg, eg seier dykk: Utan at de vender om og blir som barn, kjem de ikkje inn i himmelriket. Den som gjer seg sjølv liten som dette barnet, han er den største i himmelriket. Og den som tar imot eit slikt lite barn i mitt namn, tar imot meg.» (Matt 18,1-5)

Jesus vart sinna da disiplane ville avvise dei som kom til Jesus med barna sine. Han snudde dei vaksne sitt syn på tilhøvet til Gud på hovudet ved å seie at berre den som blir som eit lite barn, vil kome inn i Guds rike.

Ut frå eit luthersk dåpssyn gir dåpen del i den ufortente nåden frå Gud og ei fullverdige tru, sjølv om den som blir døypt, er eit spedbarn. I ei folkekyrkje som har barnedåp, er barn og unge fullverdige og viktige i kyrkjelyden sitt fellesskap som truande i kraft av kva dei er no, ikkje i høve til kva dei skal bli som vaksne. På dette grunnlaget blir Den norske kyrkja utfordra til å utvikle ei trusopplæring som tek vare på ei slik forståing av barn og unge.

1.1 Rett til åndeleg utvikling og medverknad

Ei forståing av barn og unge som individ med rett til medverknad pregar i aukande grad samfunnet si forståing av oppvekst og oppseding. Barnet som objekt for oppsedingssverksemda til dei vaksne, for å bli «gagnlege menneske», må supplerast med ei forståing av barn og unge som delaktige i sin eigen utviklingsprosess.

Barna sin rett til å bli høyrde og til å vere med på å bestemme blir no tydeleggjort også for mindre barn. I barnehagelova er barns rett til medverknad uttrykt i § 3. Artikkel 27 i Barnekonvensjonen slår fast at barn har rett til åndeleg utvikling. Heimen,

Ei forståing av barn og unge som individ med rett til medverknad pregar i aukande grad samfunnet si forståing av oppvekst og oppseding.

samfunnet og trus- og livssynsamfunna må verke saman for at det blir lagt til rette slik at den åndelege utviklinga blir stimulert og stadfesta som eit positivt aspekt i ei heilskapleg utvikling som menneske.

På 1990-talet vart fokuset på ungdommen sin plass i kyrkja gjort tydeleg gjennom «Ung i kyrkja»-satsinga. Ungdomsarbeidet i kyrkja skulle styrkjast og integrerast i heilskapen til kyrkjelyden. Dei unge sin medverknad og medansvar vart sett på dagsorden. Ungdomsdemokratiet i kyrkja er bygd ut gjennom ungdomsråd i kyrkjelydane og bispedøma og gjennom oppretting av Ungdom-

mens kyrkjemøte som eit nasjonalt organ. Parallelt med dette har barne- og ungdomsorganisasjonane spela ein viktig rolle i leiartreninga og demokrati-bygginga blant barn og unge.

Trusopplæringsreforma inneheld ei utfordring til å finne måtar å ivareta barna sin medverknad i kyrkjelyden, slik at også ønska og meiningane til dei blir høyrde.

1.2 Barneteologi

Fleire fagpersonar og fagmiljø har i dei seinare åra arbeidd med å utvikle ei teologisk og pedagogisk tenking rundt barn og unge sin plass og funksjon i kyrkja gjennom å setje fokus på barneteologi. Ein søker ikkje berre å utvikle ein teologi for eller om barn, men ein teologi med barn som gir rom for barneperspektiv på bibelforteljingar, liturgisk praksis og spiritualitet. Av dette følgjer ei forståing av barn og unge som ein naturleg del av fellesskapen i kyrkjelyden, ikkje som ei målgruppe eller eit objekt for verksemda i kyrkjelyden.

Fleire utviklingsprosjekt har på ulike måtar arbeidd med barneteologi i forsøksfasen til reforma, og fagnettverk er under utvikling på dette feltet. Det er blitt publisert artiklar, fore-

nesta på nye måtar. Gjennom bruk av leik, drama og teater er det utvikla små teaterframsyningar, rituale, liturgi eller liturgiske komponentar til bruk i kyrkja sitt arbeid med barn, og i barn sitt møte med kyrkja og kyrkjeromet, og dei har gjort observasjonar av barna. Resultatet er blitt både konsertar og gudstenester med temaet «Sjå på meg!» og teaterframsyninga «Mellom Himmel og Jord». Om dette seier prosjektleiaren:

Vi har lært å se hvor stor betydning og hvilke muligheter som ligger i å arbeide med barns lek med tanke på å utvikle elementer til bruk i en gudstjeneste for små mennesker. Vi har sett viktigheten av å samarbeide med kunstnere og større barn som barnelitur som ressurser i kirkelig sammenheng. Musiker, skuespillere og større barn som barnelitur, fikk avgjørende betydning for å kunne gjennomføre arrangement for barn i alderen 0–3 år. Videre så vi viktigheten av å dra nytte av kompetanse knyttet til barneteologi og liturgi.

Andre utviklingsprosjekt som på ein særleg måte har sett fokus på forståinga av barn og unge:

- Barneteologi og rituala i kyrkja: Det praktisk-teologiske seminar ved Universitetet i Oslo
- Barnet som teolog: Det praktisk-teologiske seminar ved Universitetet i Oslo
- Barnespiritualitet og barneteologi – symposium: Dronning Mauds Minne Høgskole for førskolelærerutdanning
- Gudsrikeleiken: Bjørgvin bispedøme
- Kan tru praktiserast? Truspraksis for ungdom 14–18 år: Det teologiske Menighetsfakultet

Kyrkjelydane er blitt utfordra til å reflektere over si forståing av barn og ungdom i trusopplæringa gjennom utvikling av søknader og prosjektomtalar, organisering og planlegging av trusopplæringstiltak.

drag, kurs, studietilbod og metodeutvikling som har stimulert forståinga av barn og unge i trusopplæringa i kyrkjelyden. KFUK-KFUM har gitt ut ei bok om korleis ein kan arrangere liturgiske verkstader saman med barn, der dei blir kjende med dei ulike elementa i gudstenesta. Dronning Mauds Minne Høgskole for førskolelærerutdanning har hatt eit prosjekt som dei har kalla «Kunsten å vere kyrkje – også for små menneske». Her har dei vore opptekne av å leggje til rette, slik at små barn kan oppleve kyrkjeromet og gudste-

1.3 Forståing av barn og ungdom i forsøksarbeidet

Kyrkjelydane er blitt utfordra til å reflektere over si forståing av barn og ungdom i trusopplæringa gjennom utvikling av søknader og prosjektomtalar, organisering og planlegging av trusopplæringstiltak. Arbeidsfellesskapet skriv i sin hovudrapport at

både ideen og begrepet «barneteologi» er blitt fanget opp i mange av prosjektene, og forsøksfasen synes å ha bidratt til holdningsendringer, både hos menigheter og enkeltmedarbeidere.

Den einaste kvinnelege helgenen i Noreg, St.Sunniva, vart feira med ei utegudsteneste på St.Hanshaugen i Oslo. Det gav små og store ei unik oppleving. Friluftsgudstenesta er eitt av mange arrangement som Gamle Aker og Markus kyrkjelydar og trusopplæringsprosjektet «Året rundt i kyrkja i byen» står for. Om lag ein gong i månaden markerer dei ein merkedag på primstaven. – Målet er å utvikle eit trusopplæringstilbod med utgangspunkt i kyrkjelege og folkelege fest- og merkedagar. Vi vil vere med å fylle desse festane med innhald og fellesskap til glede for lokalmiljøet på St.Hanshaugen, fortel prosjektleiar Tore Edland.



Eit døme på korleis denne forståinga kjem til uttrykk, ser vi i årsrapporten for 2007 frå kyrkjelydane i Tynset, Tyllidalen, Kvikne og Brydalen:

Dette skal skje i en åpen dialog med barna, hvor vi lytter på deres livserfaringer og møter dem der de står i livet.

På spørsmålet: «Kva for tre ting har de lært som på ein særleg måte gir ei fornying av kyrkja si trusopplæring?» understrekar Malvik kor viktig det er å bruke barn og unge som ressursar i planlegging, gjennomføring og ikkje minst evaluering av tiltak. Fleire av prosjekta rapporterer om gode røynsler med barn og ungdom i planlegging og gjennomføring av tiltak. Lindesnes har denne røynsla med å involvere barna i gudstenesta:

Ved å engasjere barna i gudstjenestene, får man en stor delaktighet og eierforhold til gudstjenesten og til kirken. Barn er et subjekt.

Forskargruppa i Arbeidsfellesskapet reflekterer over om ei tilsvarende utvikling har skjedd i forståinga av ungdom i kyrkja:

Med noen unntak, herunder et par nasjonale prosjekter, har ikke ungdomsteologien fått den samme oppmerksomhet som barneteologien. Dette noe begrensede arbeid med det teologiske grunnlag for ungdomsfasen, er etter vårt skjønn noe man må ta høyde for i den videre utvikling av reformen.

Barneteologi som «nyheit»

I lys av det fokus som har vore på ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og etablering av ungdomsdemokrati i Den norske kyrkja gjennom «Ung i kyrkja»-satsinga dei siste 15 åra, er det kan hende ikkje så

rart om barneteologien har fått større fokus som ei «nyheit» i reforma.

Det er blitt arbeid med fagutvikling av feltet ungdomsteologi alt før trusopplæringsreforma vart iverksett, m.a. i Forum for ungdomsteologi. Det har medført at det er blitt utvikla studietilbod

Fleire av prosjekta rapporterer om gode røynsler med barn og ungdom i planlegging gjennomføring av tiltak.

både på grunn-, etter- og vidareutdanningsnivå på feltet ungdomsteologi. Kyrkjerådet har saman med MF gjennomført «Prosjekt 18–30», der ein ser på korleis Den norske kyrkja kan vere kyrkje for denne aldersgruppa. Dette prosjektet har hatt tett dialog med trusopplæringsreforma.

Trusopplæringsreforma vart starta kort tid etter at Den norske kyrkja hadde fått ein ny plan for konfirmasjon (PKT-1997). Denne planen opna opp for lokale variasjonar og mykje fridom i val av metode. Mange av dei regionale og nasjonale prosjekta i reforma har utvikla materiell og ressursar til bruk i konfirmantarbeidet. Det er også mange FOU-prosjekt knytta til både konfirmant- og ungdomsfasen. Fleire av dei gjennomfører konferansar og står bak bokutgivingar hausten 2008.

1.4 Konfirmantfasen og fasen etterpå

I hovudevalueringa til Arbeidsfellesskapet blir det reist spørsmål om bruken av nemninga konfirmasjon på andre faser og aldersgrupper enn det som

har vore den tradisjonelle i Den norske kyrkja, kan representere ein trussel for konfirmasjonsfasen. Dette er eit viktig spørsmål og bør følgjast opp i det vidare utviklingsarbeidet. Røynslene frå forsøksfasen gir ikkje grunnlag for å vurdere om dette er ein effekt av den auka satsinga ut over konfirmantaldere. Statistikk for Den norske kyrkja viser auka oppslutnad om konfirmasjonen dei siste tre åra, og gir ikkje grunnlag for å dra ein slik konklusjon. Vi vil få meir forskningsbasert kunnskap om utviklinga av konfirmasjonen når Kyrkjeleg utdanningscenter

I dei første utlysingsrundane vart det spurt etter prosjekt som la vekt på livskompetanse og livsmeistring. Desse omgrepa har gitt viktige incitament til nytenking.

i nord/IKO – Kyrkjeleg pedagogisk senter (KUN/IKO) presenterer ei stor konfirmantundersøking våren 2009. Denne undersøkinga er eitt av dei nasjonale prosjekta i trusopplæringsreforma.

I dei første utlysingsrundane vart prosjekt og tiltak for aldersgruppa 15–18 år særleg etterspurt, sidan denne aldergruppa ikkje var med i Plan for dåpsopplæring frå 1991. Tidlegare var konfirmasjonen avslutninga på kyrkja si dåpsopplæring. Men det vart no lagt vekt på at kyrkja også har eit ansvar for å følgje opp ungdomane i tida etter konfirmasjonen. Reforma har sett i gong mange prosjekt for aldersgruppa 15–18 år, men framleis står det att ein del arbeid med å systematisere og tolke all informasjon frå dette arbeidet. Hausten 2008

er det planlagt fleire konferansar der det vil bli presentert ny forskning, blant anna Det teologiske Menighetsfakultet sitt arbeid med ulike truspraksisar for ungdom.

1.5 Utviklingsarbeid for ungdomsfasen

Aldersgruppa 15–18 år har ikkje tidlegare hatt nokon plan for dåpsopplæring, og har dermed ikkje innarbeidde tradisjonar å bygge vidare på når det gjeld «milepælsmarkeringar» etter konfirmasjonen. Det har ikkje vore lett for kyrkjelydane som har vore med i forsøka, å finne tiltak der ein når flest mogleg i denne aldersgruppa. Kontinuerlege tiltak med vekt på å skape miljø der ungdom kan samlast, som kafé-, klubb- og kulturarbeid, pregar i mange av kyrkjelydane satsinga retta mot ungdom. Temasamlingar med vekt på utfordringar i ungdomsfasen, til dømes om samliv, hybeltilvere, trafikktryggleik og rusproblematikk, er også blitt prøvd. Gudstenestelege samlingar blir ofte knytte til tiltaka. Leiartrening er sentralt i møte med denne aldersgruppa, men har sjeldan preg av å vere retta mot alle døypte.

Livsmeistring

I dei første utlysingsrundane vart det spurt etter prosjekt som la vekt på livskompetanse og livsmeistring. Desse omgrepa har gitt viktige incitament til nytenking, spesielt innanfor det området som tradisjonelt er kalla ungdomsdiakoni. Her er det store variasjonar – frå «Dialog og livsmeistringsprosjektet» på Hamarøy til «Det store Gjesteboet» til Kristent Interkulturelt Arbeid, KIA. På

For første gong i sitt liv heldt Andreas Meyer (11) seg vaken i eit heilt døgn. Andreas var ein av rundt 30 born i alderen ti til tolv år som oppheldt seg i Jeløy kyrkje frå laurdag føremiddag til kyrjekaffien dagen etter. – Eg sov ikkje, for eg hadde lyst å prøve å «døgne». Eg har prøvd ein gong før, men da gjekk det ikkje, fortel Andreas, mens han prøver å rulle saman madrassen han ikkje fekk bruk for. Kyrkjedøgninga var eit ledd i trusopplæringsprosjektet for Moss og Jeløy kyrkjelydar. – Borna får tilbod om å overnatte i kyrkjeromet for å bli kjende med kyrkja og oppleve at dei kan føle seg heime der, fortel prosjektleiар Catrine Lyche Greaker.



Hamarøy har dei brukt dialogen som metode i trusopplæringa med ungdom. Dei har samarbeidd med vidaregåande skole om eit livsmeistringsprogram som blir avslutta med ei markering av at ungdomane er blitt myndige. Det er eit mål for prosjektet at kyrkja skal bli ein viktig samtalepartner for ungdom i trus-, livs- og samfunns spørsmål. Gjennom hybelbesøk har dei samtalar med ein-skildpersonar, og dei har samarbeidd med skolen for å arrangere temadagar om rus, psykisk helse, fleirkulturell forståing, forsoning og kjærleik.

Miljø og rettferd

KIA i Rogaland har laga eit undervisningsopplegg om det å føle seg framand, mens KFUK-KFUM med prosjektet ICY har utvikla eit samla undervisningstilbod der konfirmantane får lære om og setje seg inn i tematikken rundt forbruk, miljø og rettferd. Dei får også reiskapar og høve til å sjå og bruke dei ressursane kvar ein-skild har til å arbeide for ei betre verd for alle. Også fleire kyrkjelydsprosjekt har med dette perspektivet når dei skal fornye trusopplæringa si, mellom anna kyrkjelydane i Vear og Hogsnes, som både har laga opplegg for lokalt engasjement og engasjement for barn og ungdom som lever i sør. Dette internasjonale solidaritetsarbeidet har også vore eit sentralt emne for ungdomsprosjektet i Molde.

Digital trusopplæring

Mange kyrkjelydar har satsa digitalt for å nå ungdom. Arbeidsfellesskapet peikar på at trusopplæringsreforma har ført til ei digital reform av Den norske kyrkja. (Underveisrapport 3, 2007:44) Det har prega mange prosjekt både for konfirmantar, som Konfirmant Online i Oddernes kyrkjelyd, og meir generelle ungdomsprosjekt, som Digitale trusforteljingar i Haslum kyrkjelyd. Dette prosjektet har utvikla ein metodikk for dei unges trus- og livsforteljingar. Fleire kyrkjelydar har involvert ungdom for å utvikle nettsider. Internett er ein arena som barn og ungdom brukar aktivt, og gode opplegg og verkty som barn vil logge seg inn på når dei sit ved maskinen heime, vil vere ein god ressurs for trusopplæringa.

Det er også gitt støtte til fagutvikling på dette området. Prosjektet «Digital trusopplæring» ved

Høgskulen i Volda vil resultere i ei fagbok om digital trusopplæring. Visjonen for dette prosjektet gir ei god skildring av utfordringa kyrkja og trusopplæringa har i møte med dei digitale media:

Utgangspunktet for trusopplæring er at kyrkja har noko å lære bort, både kunnskaps- og holdningsmessig. Utfordringa er å finne ut korleis dette best kan skje på dei nye arenaene. Tradisjonell trusopplæring kan ikkje berre «overførast» til eit nytt medium. Nye media skaper også nye føresetnader, og ei form for «omsetjing» må til.

Leiarutvikling

Eit annet kjenneteikn ved prosjekt for ungdomsfasen har vore leiartrening og leiarutvikling. Mange kyrkjelydar har sett at skal dei nå dei ambisiøse måla om å nå alle døypte, er det nødvendig å rekruttere nye frivillige. Ei løysing

Trusopplæringsreforma har utfordra kyrkjelydane til å tenkje systematisk rundt oppfølginga av 15 – 18-åringane.

er kursing av tidlegare konfirmantar og andre ungdomar ein har hatt kontakt med. Dette er eit område der barne- og ungdomsorganisasjonane tradisjonelt har spela ei sentral rolle. I Møre bispedøme har fleire organisasjonar i samarbeid med ungdomskonsulenten i bispedømet laga eit felles leiartreningskurs der både ACTA, NMSU og KFUK-KFUM er med. Røynslene er at dei på denne måten har rekruttert fleire ungdomar til kursa sine enn dei ulike organisasjonane ville ha gjort kvar på sin kant, og ungdomsorganisasjonane er blitt gode lokale samarbeidspartnarar for ungdomsarbeidet.

Trusopplæringsreforma har utfordra kyrkjelydane til å tenkje systematisk rundt oppfølginga av 15–18-åringane. Nær 90 prosent av dei døypte blir konfirmerte, og kyrkja har eit nært forhold til heile aldersgruppa gjennom ein omfattande konfirmantperiode. Hausten 2008 blir røynslene med denne fasen oppsummerte, samstundes som fleire FOU-prosjekt knytta til ungdom blir publiserte.

Relasjonsarbeid

Ungdomsarbeid er relasjonsarbeid. Fleire prosjekt-einingar har lært at ungdom legg vekt på relasjonar, og i mindre grad på geografi og soknegrenser når dei vel fellesskap og fritidsaktivitetar. I prosjektrapporten «Plattform for planutvikling» identifiserer forskaren Erling Birkedal utfordringane kyrkja står overfor i møte med ungdomsfasen slik:

Det er en utfordring og oppgave for kirken å bygge ulike sosiale fellesskap som unge opplever positivt. Unge, som er inne i stor utvikling og i en «religiøs pubertet», kan oppleve kirken som tradisjonell og lite relevant for sin mer eksperimentelle livsholdning. Det er en utfordring for kirkens ledere.

1.6 Barn og unge pregar og utfordrar kyrkja

Språket vi brukar, er med på å skape forståing og røynsler. Korleis talar vi om plassen barn og unge har i kyrkjelyden? Skal VI som kyrkje møte DEI, eller er barn og unge likeverdige deltakarar i fellesskapen? Gjennom å fokusere på omgrepet «barneteologi» er det blitt skapt refleksjon og endring i korleis kyrkjelydane forstår rolla barna har i

Trusopplæringa må stå i dialog med den livsrøynsla og livstolkinga barn og unge har, om ho skal opplevast som relevant for dei.

trusopplæringa. Desse nye røynslene kring den døypte som subjekt i eiga trusutvikling, kan også overførast til korleis vi tenkjer om og samhandlar med ungdom i trusopplæringa. Breidda på refleksjonen om det å vere delaktig i og det å vere med på å bestemme er godt på veg utvikla gjennom «Ung

i kyrkja»-arbeidet, men det ligg store utfordringar i å vere kyrkjelydar som ungdom opplever som relevante vennelag. Barne- og ungdomsteologien utfordrar kyrkja til å ta barn og unge på alvor, med deira kompetanse på eige liv og eiga tru. Trusopplæringa må stå i dialog med den livsrøynsla og livstolkinga barn og unge har, om ho skal opplevast som relevant for dei.

Skape eigarforhold til kyrkja

Det er viktig å gi ungdomane eigarforhold til kyrkja og det som skjer der, ved at ungdomane er med og planlegg og gjennomfører. Somme har erfart at ein må jobbe med haldningar hos dei ein opplever som nøkkelpersonar i ungdomsmiljøet. Korleis ein informerer, og ikkje minst kven som eig eit tiltak for denne aldersgruppa, har vist seg å vere avgjerande.

Røynsler frå forsøksarbeidet har vist at dersom kyrkjelydane skal få brei oppslutnad i 15–18-årsfasen, er det avgjerande at konfirmantane blir videreførde til god og aktiv trusopplæring etter konfirmasjonstida. Prosjekta med hovudvekt på leiartrening ønskjer å setje fokus på bruk av 15–18-åringane som unge frivillige medarbeidarar i trusopplæringa. På den måten kan dei også bli verdfulle medarbeidarar i alle faser i trusopplæringa, og dette kan igjen bidra til å rekruttere nye medarbeidarar til kyrkja. Det omfattande leiartreningsarbeidet i kyrkja og i organisasjonane er bidrag til demokratibyging både i kyrkje og samfunn.

Men det er her viktig å ha ei allsidig tilnærming til arbeidet i ungdomsfasen. Alle har noko å gi, men alle ønskjer ikkje utan vidare å gå inn i ei leiarrolle. Mange kyrkjelydar har røynt at det er krevjande å nå ut i full breidde, og det er nødvendig å tenkje kreativt om samarbeid, spesielt med dei mange kristne barne- og ungdomsorganisasjonane.



2. FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR I PROSJEKTA

Dugnad er eit velkjent norsk fenomen. Mykje av aktivitetane i kyrkjelyden er bygde på dugnadsånd og på ressursane og viljen menneska har til å bruke tid og krefter der. Dette botnar i ei forståing av kyrkja sitt vesen som byggjer på det allmenne prestedømet – der alle er like viktige delar av heilskapen, uavhengig av tilknytning. Korleis skal ønsket i kyrkjelyden om trusopplæring gå i hop med ressursane som kyrkjelyden disponerer gjennom frivillige medarbeidarar? Sett i lys av at alle døypte (og andre som ønskjer det) skal kunne bidra til fellesskapen, med evner, eigenskapar og ressursar, blir det viktig å tenkje gjennom kva som kjenneteiknar kyrkjelyden. Røynslar viser til at ei bevisstgjerjing av frivillig arbeid og ei synleggjering av oppgåver som passar den einskilde, ser ut til å styrkje arbeidet. Dette heng også saman med kyrkjelyden sin visjon om å vere ein lokal kyrkjelyd.

Frivillig arbeid har vore ein viktig faktor i forsøks- og utviklingsfasen. Alt i utlysingsteksten og i høve til eigarskap til prosjekta har det vore lagt vekt på den frivillige innsatsen. I alle prosjekta var tillitsvalde i sokneråda ansvarlege søkjarar og prosjekteigarar. På den måten har prosjekta vore initierte og leia av frivillige i råd og utval. Frivillige har derfor ofte vore premissleverandørar for prosjekta.

Frivillig arbeid

I prosjektperioden har frivillig arbeid vore tema i sokneråd, styringsgrupper, på innføringskurs, fagkonferansar og i andre samanhengar. Somme prosjekt har hatt forsøk knytta opp mot medarbeidarar som eit særskilt fokus. Å byggje ut eit kvalitativt godt tilbod til alle døypte mellom 0 og 18 år stiller krav til eit godt og målbevisst arbeid med temaet frivillige. Fokuset på å nå alle døypte har vore ein impuls til kyrkjelydsarbeid, med rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar.

Arbeidsfellesskapet sammenlikna i Delrapport 4 talet på frivillige i prosjektkyrkjelydar og ikkje-prosjektkyrkjelydar og fann at det i snitt var fleire frivillige engasjerte i prosjektkyrkjelydane. Rapportane frå prosjekta viste at det var rekruttert fleire nye frivillige medarbeidarar, også mange

som ikkje hadde vore med i kyrkjelyden sitt arbeid tidlegare. Arbeidsfellesskapet konkluderte slik i hovedevalueringa si:

I sum ser det ut til at Stortingets forutsetninger om bruk av frivillige oppfylles. Et viktig poeng er også at forsøksvirksomheten ser ut til å engasjere nye frivillige, blant annet fordi det i 90 prosent av forsøksprosjektene er rekruttert frivillige som ikke tidligere har deltatt som frivillige i menighetssammenheng. (Hauglin m.fl. 2008: s 145)

2.1 Søknadsprosessane

I forsøks- og utviklingsfasen har det både i søknadsprosessane, på innføringskursa og i rapportane særleg vore fokusert på frivillig arbeid. I dei fire søknadsrundane har det i søknadsskjemaet vore spørsmål knytta opp til frivillige medarbeidarar.

I 2004 vart det formulert slik:

- Punkt 6: Gi ei kort vurdering av samarbeidet mellom frivillige medarbeidarar og tilsette i kyrkjelyden. Korleis tenkjer de omkring ei eventuell nødvendig og mogleg betring av dette samarbeidet?
- Punkt 7: Kva slags strategi har kyrkjelyden for rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar?

I 2005 var det slik formulert i punkt 10: Frivillige medarbeidarar:

- Gi ei kort vurdering av samarbeidet mellom frivillige medarbeidarar og tilsette i kyrkjelyden.
- Kva slags strategi har de for rekruttering og oppfølging av frivillige medarbeidarar knytte til trusopplæringa?

I rettleiingsteksten i søknadsrunde 2006 og 2007 vart frivillige medarbeidarar forklart på denne måten:

Dersom kyrkjelyden skal nå målet for den omfattande oppslutninga om trusopplæring som reforma legg opp til, trengst det mange medarbeidarar ut over dei som er løna i kyrkjelyden. Ein «frivillig medarbeidar» er ein person som gjer ei

Det bles friskt da konfirmantane i Liv-Laga-prosjektet i Kabelvåg tok seg fram frå Laukvik til Gimsøy kyrkje i Lofoten, slik folk gjorde det heilt opp til for 70 år sidan, før Laukvik fekk eiga kyrkje. Dei gamle båtane Anne Bro og Symra tok dei over det harde havstykket. På denne måten fekk konfirmantane kjenne på kroppen kor krevjande konfirmanttida var den gongen. Vel framme stod sjølvaste Petter Dass og tok imot på kyrkjetrappa. Prosjektleiar Kjersti Bildøe Ryan fortel at dei unge har fått gode opplevingar ved å gjenoppdage røtene sine, både i høve til kyrkja og den lokale kulturen.



teneste/ein jobb i kyrkjelyden utan løn. Gjer kort greie for kva som blir gjort i høve til arbeidet med **frivillige**, og kva slags strategiar ein ønskjer å gjennomføre for å rekruttere og følgje opp frivillige i høve til trusopplæringa. Her gjeld det særleg frivillige til arbeidet med barn og unge i kyrkjelyden.

2.2 Innføringskurs

Innføringskurs har vore obligatorisk for alle nye prosjekt. Kurskveldane var lagt opp slik at sokneråd og andre frivillige i kyrkjelyden skulle få eigarskap og motivasjon til å kome med idear, oppgaver og eventuelt framlegg til kven som kunne vere aktuelle som nye frivillige i kyrkjelydsarbeidet. Kursdag to var i hovudsak lagt opp for staben i kyrkjelyden. Der var deltaking i kyrkjelydsarbeidet eit viktig tema. Prosjekta vart utfordra til å arbeide kreativt med rekruttering i eigen kyrkjelyd, til å kome med forslag til rekruttering og oppfølging av medarbeidarar, og gjerne lage ein konkret opptrappingsplan for frivillige i kyrkjelyden.

2.3 Rapportar

I årsrapportane vart prosjekta spurde om dei hadde hatt uløna medarbeidarar med i tiltaka, og om dei hadde hatt med nye medarbeidarar (som ikkje hadde vore med i frivillig arbeid i kyrkjelyden før). Tala viste at det hadde vore mykje frivillig arbeid, til sammen i 2007 vart det rapportert at det hadde vore 5779 frivillige medarbeidarar involverte i forsøksarbeidet, og av desse var 67 prosent kvinner. Det vart rapportert at 2889 av dei uløna medarbeidarane ikkje hadde vore registrerte som

frivillige før. I snitt hadde det vore seks frivillige medarbeidarar med i kvart tiltak.

I årsrapportane hadde prosjekta også høve til å kome med kommentarar om frivillige medarbeidarar. Her er nokre sitat henta frå rapporten frå 2007 på spørsmålet om kven som var med som uløna medarbeidarar:

Noen er foreldre eller besteforeldre, aktive i menighetene, noen er ungdommer som er ledere for yngre grupper (Moss/Jeløy).

Vi har om lag 22 ulønnede voksne medarbeidere involvert i forsøksarbeidet. I tillegg kommer en rekke ungdommer som tar mye ansvar og utfører en rekke forskjellige oppgaver (Sømna).

Vi fikk 12 nye unge medarbeidere gjennom MILK-kurs, mens noen som var med i 2006 har flyttet eller sluttet av andre grunner (MILK-kurs er ledertrening for fjorårskonfirmanter) (Åsen/Frosta).

Sakte, men sikkert er vi i ferd med å bygge opp en gruppe med frivillige som tar større og større ansvar for enkelttiltak (Eidsberg, Trømborg, Mysen og Hærland menigheter).

2.4 Frivillig arbeid i prosjekta

Somme prosjekt valde å bruke ein liten stillingsdel på frivillige medarbeidarar, og dei fleste har sett at arbeidet med frivillige medarbeidarar har vore ei sentral oppgåve for dei prosjekttilsette.

Eit prosjekt (Eidsberg, Trømborg, Mysen og Hærland kyrkjelydar) hadde søkt som ein del av sitt prosjekt å utarbeide eit digitalt register for opp-

gåver i kyrkjelyden. Der kunne tilsette og frivillige setje seg opp på ulike tiltak, og det var oversiktleg å koordinere engasjement. I dette prosjektet vart ein del av stillinga i kyrkjelyden brukt til å utarbeide og iverksetje dette verktøyet. Røynsla var at det var ein terskel for å ta i bruk verktøyet, men da det vart knytta opp mot verktøyet kyrkjelyden brukte frå før, vart dette aktivisert. Iveren i prosjektet etter å finne gode digitale løysingar var med å setje fortgang i arbeidet med å utvikle «Medarbeidaren». Dette er eit program utvikla for å planleggje arrangement og administrere tilsette, frivillige, lokale og ressursar.

Systematisk rekruttering og oppfølging

Det har vist seg at når kyrkjelydane tek utfordringa om å nå alle døypte på alvor, fører det med seg eit behov for å involvere fleire frivillige medarbeidarar. Det krevst ei systematisk jobbing med rekruttering og oppfølging av desse. Kyrkjelydane har fått røynsler med dette, som desse sitata illustrerer:

Trosopplæringsreformen legger opp til at svært mye arbeid skal foregå i tverrfaglige team. Det betyr at oversikt og innsyn i den enkeltes arbeidsdag blir viktigere enn før.

Reformen krever også en langt større bevisst bruk av frivillige medarbeidere. Det er derfor behov for grundig registrering av disse og hva de er med på. (Så ikke flere spør dem samtidig.)

Medarbeiderfester er blitt mer vanlig. Da er det også viktig å ha listene lett tilgjengelig. Frivillige medarbeidere har også behov for å gå inn og sjekke ut hva de er satt opp på. Innføringer av nye verktøy må forankres i ledelsen. Hvis ikke blir det ikke noe av. Endringsviljen og fleksibiliteten i den enkelte stab er også avgjørende for resultatet.

Kyrkjelydane har hatt eit stort samarbeid med frivillige organisasjonar i lokalmiljøet. Dette har mange stader også utløyst frivillig engasjement. Først og fremst gjaldt dette kristelegje barne- og ungdomsorganisasjonar, men også jeger- og fiskarforeiningar, idrett og kulturelle organisasjonar har vore samarbeidspartnarar. Mykje tyder på at gjennom forsøks- og utviklingsfasen er mange

av kyrkjelydane blitt meir aktive i lokalmiljøet gjennom auka samarbeid og ein meir aktiv kommunikasjon med nye grupper.

Leiarutvikling og -utvikling

I fleire av kyrkjelydsprosjekta har det vore fokus på leiarutvikling og rekruttering av unge leiarar. Fasen etter konfirmasjonen har i mange kyrkjelydar vore knytta opp til leiarutvikling og leiarutvikling. Dette har gitt mange gode og viktige leiarar. Ein viktig faktor har ofte vore at ungdom er nærmare den tiltenkte målgruppa enn dei vaksne leiarane er, og har derfor bidratt med viktig arbeid mot barn og unge.

Dette gjeld til dømes Sykkylven og Ikornnes sitt prosjekt «Trusopplæringsprosjekt 13–18 år» og prosjektet i Arendal og Froland, «Lær dei å leie», eit faseprosjekt for ungdom mellom 15 og 18.

At det var eit tydeleg fokus på rekruttering og oppfølging av unge leiarar, viser desse sitatene fra årsrapportene i 2007:

Leiarutvikling er blitt ein fast del av kyrkjelydsarbeidet. Me ønskjer å få til ei oppfølging av unge leiarar som er ferdig med leiarutvikling. Dette kan ikkje vere for omfattande då våre ungdommar flytter ut etter ungdomsskolen. Oppfølginga må difor skje i tilknytning til juleferie. Me vil då ha tilbod til desse sjølv om dei har flytta (Eidfjord).

For dei løna medarbeidarane i staben har vi fått på plass tilfredsstillende strukturar som sikrar teamarbeid og ivaretaking av den einssilde sine behov. Vi har likevel ei utfordring i det å prioritera høgt nok team-samlingar. Når det gjeld dei uløna medarbeidarane, så er dette ei meir ulik gruppe. Vi har ei årleg samling for uløna medarbeidarar. Nokre få uløna medarbeidarar har fått på plass kontraktar og årvisse vegleiingssamtalar, og vi ser at dette er nyttig og skapar stabilitet. Ungdomsleiarane har og ganske gode rutinar for leiarsamlingar, kursing og oppfølging. Det er likevel framleis mange medarbeidarar som nok skulle hatt tettare oppfølging og fått tilbakemelding på den tenesta dei gjer, og kanskje òg fått nye utfordringar (Førde).

Å rekruttere nye frivillige medarbeidarar opplever mange som utfordrande. Det gjeld alle sektorane



som baserer oppgåvene sine på frivillig arbeid. *Vi er en liten menighet, og har en maks grense for hvor mange frivillige vi kan bruke, eller overforbruke, seier ein kyrkjelyd om sitt frivillige arbeid.*

Tilpassa oppgåver

Det har også vore viktig å oppmuntre og inspirere dei som alt hadde sagt ja til frivillig arbeid i kyrkjelydane. Prosjekta har rapportert om medarbeiderfestar, festar for frivillige medarbeidarar, inspirasjonssamlingar og avtaler som konkretiserer og avgrensar oppgåvene den einskilde påtok seg.

Rapportane viste til at det i hovudsak var lettare å engasjere frivillige til arbeid med barn enn til arbeidet med tenåringar/ungdom. Dette kan ha fleire årsakar, men ei årsak kan vere at mange foreldre følgjer tettare opp dei yngre barna, men gjev slepp eller får ikkje sleppe inn på arenaene når barna blir tenåringar. Dette fell saman med funn gjort av Arbeidsfellesskapet, som spurde eit utval av kyrkjelydar utan prosjekt om kor mange frivillige som var med i deira trusopplæringsarbeid. Svaret var at der dei brukte frivillige ein del eller mykje, var talet på dei frivillige høgare i arbeidet med dei yngste barna enn med tenåringane og dei som var eldre.

Det var også ei utfordring å gi frivillige medarbeidarar oppgåver som passa, og som tok i bruk kompetansen og interessene til den einskilde. Prosjektet i Fusa har, med sin medarbeidarkoordinator, hatt som utgangspunkt interessene og anlegga til dei frivillige, og ikkje kyrkjelyden sine behov for å få løyst ei oppgåve. Dette har ført til mykje frivillig engasjement. I kor stor grad frivillige gjekk inn i oppgåver som hovedansvarlege leiarar, og ikkje som hjelparar, varierte frå prosjekt til prosjekt. Det har i rapportarbeidet ikkje vore spesifisert kva slags oppgåver frivillige har hatt i tiltaka. Årsrapportane viser at det i mange av tiltaka også var med tilsette i gjennomføringa. I slike tilfelle ser det ut

til at frivillige medarbeidarar ikkje har hatt leiaroppgåver, men meir vore medhjelparar.

2.5 Nasjonale og regionale utviklingsprosjekt

Eitt av dei nasjonale og regionale prosjekta som fekk ei toårig tildeling, var «Frivillige medarbeidere i barne- ungdomsarbeidet» på Det teologiske Menighetsfakultetet (MF).

Prosjektet gjekk ut på at MF samarbeidde med ulike kyrkjelydar i Oslo og omland for å systematisere røynsler og å setje praksis og teori saman. Dette gjorde dei ved å bruke fagsamlingar og rundebordskonferansar, der praktikarar saman med teoretikarar/forskarar jobba med dei ulike måla i dette prosjektet. Målsetjinga var å skape positiv utvikling og læring i høve til frivillige medarbeidarar i kyrkja. Materialet som vart produsert ved desse samlingane, og arbeidet i prosjektgruppa,

Prosjekta har rapportert om medarbeiderfestar, festar for frivillige medarbeidarar, inspirasjonssamlingar og avtaler som konkretiserer og avgrensar oppgåvene den einskilde påtok seg.

vart systematisert og gjort tilgjengeleg for kyrkjelydar og trusopplæringsreforma. Blant anna vart det tydeleg kor viktig engasjementet til den frivillige var for eiga læring og vekst.

Fleire nasjonale og regionale prosjekt har hatt leiartrening av ungdom som tema. Desse er Changemaker: «Noe å leve for! Et ungdomslederkurs med diakonalt fokus», Møre bispedøme: «På tvers av grensene», «Storetveitmodellen – et godt redskap for trosopplæring!», Norges KFUK og KFUM, Troms krins: «Kinderegg» og IKO: «Unge som hjelpeledere i trosopplæringen».



3. REKRUTTERING OG KOMPETANSE

I forkant av reforma var det gjennom ulike utgreiingar sett fokus på kva ei opptrapping av personell ville føre med seg, både talmessig og økonomisk.

Kyrkerådet hadde i 2001 lagt fram ein rapport om bemanninga i Den norske kyrkja, «Opptrappingsplan for kirkelig bemanning». Rapporten viste til at bemanninga i kyrkja ikkje hadde fylgt

Dette gav eit mangfald i stillingar, og gav somme stader lokale fagfolk som elles ikkje ville ha passa inn i dei kyrkjelege stillingskategoriane.

aukinga i folketalet, og sammenlikna med offentleg sektor i samfunnet elles, hadde kyrkja sakka akterut i antall stillingar. Det vart understreka at dei måla og dei oppgåvene kyrkja har, ikkje kunne løysast tilfredsstillande utan at kyrkja fekk ei vesentleg auking i bemanninga.

Også Stortingsmelding nr. 7 (2002-2003) «Trusopplæring i ei ny tid» gjorde greie for bemanningsbehovet ut frå omfanget til ei fornya dåpsopplæring i Den norske kyrkja. Stortingsmeldinga understreka dette ved å seie:

Ei særleg utfordring som gjer seg gjeldane ved ei reform av dåpsopplæringa, er å få god tilgang på kvalifisert arbeidskraft innan opplæringsfeltet. Spørsmål og tiltak som gjeld rekruttering og opplæring av personell, må derfor stå sentralt i åra framover. Sjølv om dette arbeidet må gå føre seg i samarbeid med andre organ i kyrkja, med Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon, tenestemannsorganisasjon og utdanningsorganisasjonene, vil arbeidet med rekrutteringss spørsmål være ein viktig del av prosjektet. (side 31)

Kritisk punkt

Rekruttering har vore omtalt som eitt av dei kritiske punkta i reforma. I drøftinga i Stortingskomiteen i mai 2003, der rekrutteringa blir drøfta i eit eige avsnitt, står det bl.a.:

Komiteens flertall, alle unntatt medlemmene fra Fremskrittspartiet og representanten Simonsen, vil understreke at den foreslåtte reformen og styr-

king av dåpsopplæring kan føre med seg et langsiktig behov for å styrke kompetansen og kapasiteten innen kirkens opplæringsfelt. Flertallet viser til at gjennom erfaring fra forsøksarbeidet vil en få nødvendig kunnskap om stillingsbehov og om i hvilken grad rekruttering av personell innen opplæringsfeltet er tilfredsstillende i forhold til det behovet som er synliggjort gjennom forsøkene. Det vises også til Kirkerådets bemanningsplan, hvor det er fremhevet at rekruttering vil være en kritisk faktor i årene fremover.

3.1 Utforming av stillingane i forsøks- og utviklingsfasen

Med utgangspunkt i stortingsvedtaket og departementet sitt tildelingsbrev hadde Styringsgruppa for trusopplæringa lagt til grunn fire premisser for bruk av midlane i forsøksperioden:

- Stillingar som vart oppretta, var faste stillingar.
- Dei kyrkjelydane som raskt kunne vise resultat i høve til ei fornya trusopplæring, skulle prioriterast (stortingsmeldinga understreka dette).
- Det skulle innhenta eit breitt røynslegrunnlag ved å setje i gang forsøk i eit mangfald av kyrkjelydar i ulike delar av landet.
- Alle kyrkjelydar skulle få midlar til fornya trusopplæring når reforma var fullt utbygd.

I første utlysing vart det verken spurt om kva slags type stilling, eller kor stor stillingsprosent kyrkjelydane meinte ei fornya trusopplæring, ut frå prosjektsøknaden, ville ha bruk for. I dei andre utlysingane måtte kyrkjelydane i søknaden gjere greie for kor stor stillingsprosent og kva slags type stilling dei ønska å etablere. Prosjekta definerte sjølv kva slags stillingar dei ønska å etablere i forsøksperioden. Stillingane som vart utlyste i prosjektperioden, vart derfor ofte forma ut frå behovet til det ein skilde prosjektet, og ut frå oppgåva som skulle løysast. Dette gav eit mangfald i stillingar, eit mangfald i stab, og gav somme stader lokale fagfolk som elles ikkje ville ha passa inn i dei kyrkjelege stillingskategoriane, høve til å jobbe

Toåringen vil straks pakke opp gåva ho har fått fra Holmen kyrkjelyd. Det tek soknepresten seg tid til å vente på – enten det skjer i dørråpninga, eller han blir invitert inn. Kyrkjelyden i Holmen synest det er så verdifullt å følgje opp den direkte kontakten etter dåpen at dei spanderer heimebesøk når dei skal gi bort ei bokgåve med bibelforteljingar, forteljingar som også vil kome attende i 6-års- opplegget. Når dei først er på besøk, vil dei samstundes gjerne få tilbakemeldingar på korleis møtet med kyrkjelyden har vore, og om foreldra har andre behov.



i kyrkja. Tilsetjinga vart gjort etter det vanlege stillingsmønsteret, med fellestrådet som arbeidsgivar.

3.2 Kompetanse i prosjektfasen

I forsøksperioden søkte prosjekta etter personell som i stor grad skulle løyse oppgåver ut frå særdraga i prosjektet. Røynslene så langt viser at mange har utlyst stillingar som prosjektleiarar/prosjektmedarbeidarar, og gjerne med den spisskompetansen som prosjektet trengde. Dette kunne vere pedagogar, forteljarar, musikarar, ungdomsarbeidarar osv. Fleire har vore tilsette i deltidstillingar. Prestar, diakonar, kateketar og organistar/kantorar har vore tilsette heilt eller delvis i prosjektstillingar.

I reforma var det per 1. mars 2008 ca. 147 årsverk i prosjekta, fordelte på 282 tilsette. Av desse var 189 kvinner og 93 menn. Gjennomsnittet på stillingane var på litt over 50 prosent. Somme prosjekt valde å leie inn personar til spesielle oppdrag. Dette kunne vere kunstnarar eller ungdom til leiaroppgåver. Desse vart også fanga opp i statistikken.

Klar overvekt av pedagogar

I årsrapporten for 2007 vart tilsette bedne om å fylle ut kva slags kompetanse dei hadde. Det var høve å krysse av på flere val, så derfor var det ikkje mogleg ut frå statistikken å sjå kor mange som var utdanna diakonar, kantorar, kateketar, prestar, lærarar osv. Våren 2007 var det 11 prestar som hadde tilsetjing gjennom trusopplæringsreforma. Materialet viste at det var stor overvekt av tilsette med pedagogisk kompetanse (131), kateketisk (32) og diakonal kompetanse (27), kyrkjemusikalsk kompetanse (20) og teologisk kompetanse

(59). I kategorien pedagogisk kompetanse var det til dømes kompetanse frå lærerutdanning, pedagogikk grunnfag, førskoleutdanning, praktisk pedagogisk utdanning osv. I kategorien teologi var det variasjon, frå bibelskole til cand.theol. Mange hadde også kryssa av for annan kompetanse, og dette varierte frå media til merkantil utdanning. Andre igjen hadde gjerne kombinerte kompetansar, som pedagogikk og teologi eller musikk.

Fleire av dei nytilsette hadde ikkje utdanning primært retta inn mot kyrkjeleg teneste, men opplevde kyrkja som ein meningsfull arbeidsplass. Mange hadde derfor eit ønskje om framleis å arbeide i kyrkja. Eit spørsmål mange har stilt, er om dei må ha ein type kyrkjeleg kvalifikasjon, og i så fall kor omfattande den må vere. Det er ei viktig oppgåve å leggje til rette for at den kyrkjelege arbeidsmarknaden framleis verkar rekrutterande for desse. Rettleiingsbehovet for fellestråda på dette området vil bli stort dei nærmaste åra, og det blir vurdert korleis sentralkyrkjelege aktørar som Kyrkjerådet og KA (Kyrkjeleg arbeidsgjevar og interesseorganisasjon) møter desse prosessane.

3.3 Rekruttering

I forkant av trusopplæringsreforma var det i Kyrkjerådet eit treårig rekrutteringsprosjekt, i tillegg hadde Kyrkjerådet og KA saman eit toårig rekrutteringsprosjekt. Desse arbeidde med strukturar for å auke rekrutteringa til kyrkjeleg utdanning. Det vart blant anna utvikla ein nettstad www.kirken.no/jobb, som presenterte kva kyrkja hadde av ulike type arbeid og utdanning. Prosjekta vart avslutta i 2005.

Da dei skulle overnatte i kyrkja, sette ungane frå sjette og sjuande klasse – SOS – verkeleg spor etter seg. Dei laga sitt eige fotavtrykk i sement. Avstøypingane får plass i plena utanfor kyrkja. – Det er eit bilde på korleis vi set spor etter oss med det livet vi lever, og minner om at Jesus går ved sidan av oss, seier prosjektleiar Åse Kvinen Røiland i Lund og Heskestad kyrkjelydar. – Somme hadde gledd seg til denne overnattinga i eit halvt år. Og når fornøgde ungar spring ut frå kyrkja i morgonsola og spør om dei kan få gjere det ein gong til, er det som dei gir oss leiarar gull...!



Stillingsreform

Innføringa av trusopplæringsreforma er også blitt karakterisert som ei stillingsreform. Ei viktig side av reforma har vore oppretting av nye stillingar i kyrkjelydane. Prosjekta er blitt fordelte både til folkerike og mindre folkerike område og i alle bispedøma. Dette gav høve til ei jamn rekruttering og tilsetjing av ulik kompetanse og fagpersonell i heile landet. Det vil i dei nærmaste åra vere behov for 300–500 nye årsverk i kyrkja innanfor feltet trus-

Signal kjem frå fleire hald om at trusopplæringsreforma har vore med å løfte fram barne- og ungdomsarbeidet og gitt feltet auka status.

opplæring. Dette kjem på toppen av den vanlege utskiftinga av personell. Ein forventar stor avgang i presteskapan pga. store kull av prestar som går av med pensjon. Det bør i tillegg til den kontinuerlege rekrutteringa til den kyrkjelege arbeidsmarknaden også leggjast ein strategi for rekruttering til dei nye stillingane som blir oppretta i trusopplæringa.

Mangfald i kompetanse

Rekrutteringa til stillingane har i forsøksperioden vore gode, og kvalifiserte medarbeidarar, ut frå utlysingssteksten, er blitt tilsette i stillingane. Mange godt kvalifiserte medarbeidarar er rekrutterte frå andre ikkje-kyrkjelege stillingar i lokalmiljøet. Det har frå ulikt hald vore kritisert at reforma ikkje sette krav til kva slags kompetanse tilsette i prosjekta skulle ha, og at det var opp til det einskilde prosjektet å definere krava til stillinga. Dei fleste prosjekta valde

å lyse ut stillingane som prosjektleiar eller prosjektmedarbeidar, og setje oppgåva som skulle løysast, som eit viktig kriterium. Dette gav mangfald i både kompetanse og stillingsmønster. Hovudtendensen var at prosjekta vart bemanna med kvalifisert personell. Dette gjaldt både formell kompetanse og kor eigna du var til oppgåvene.

Ei fullt utbygd reform vil vere krevjande med tanke på å rekruttere kvalifisert personell. Ikkje minst innanfor feltet pedagogikk. Det er gledeleg at det hausten 2008 har vore aukande interesse for kateketutdanninga og for fleire av dei andre kyrkjelege utdanningane. Signala kjem frå fleire hald om at trusopplæringsreforma har vore med å løfte fram barne- og ungdomsarbeidet og gitt feltet auka status. Dette trur vi vil vere rekrutterande også for kyrkjeleg utdanning og arbeidsmarknad. Rektor Vidar Haanes ved MF sa dette om aukinga til kyrkjeleg profesjonsutdanning hausten 2008:

De høye søkertallene er et resultat av at MF sammen med andre aktører har satt fokus på behovet for flere kateketer, diakoner og prester.

Men han trur også trusopplæringsreforma har vore viktig:

Det er blitt mye større bevissthet om betydningen av trosopplæring på lokalplan, og det er der rekrutteringen skjer.

Felleskyrkjeleg ansvar

Trusopplæringa skal vere kjenneteikna av høg fagleg kompetanse og av tverrfagleg kompetanse i arbeidet. Dette medfører at det er eit kvantitativt behov for rekruttering av fleire kyrkjelege medarbeidarar (tilsette og frivillige) og eit kvalitativt

behov for kompetanseutvikling, både for «gamle» og nye medarbeidarar. For tida er det i samfunnet ein stram arbeidsmarknad. Det stiller krav til kyrkja om å profilere seg som ein attraktivt arbeidsmarknad med meningsfylte arbeidsoppgåver og med utdanningar som vil gi høve til arbeid. Derfor vil det også framover vere viktig å rekruttere og dyktiggjere mange til å jobbe i kyrkja. Dette gjeld alle typar stillingar, ikkje berre nyoppretta stillingar innanfor trusopplæringsfeltet.

Rekruttering til kyrkjeleg utdanning og arbeidsmarknad er ein kontinuerleg prosess, og det er eit felleskyrkjeleg ansvar. Å leggje til rette for rekruttering til den kyrkjelege arbeidsmarknaden er ei stadig utfordring og vil krevje godt og målretta arbeid. Kyrkjerådet har tatt ansvaret for eit årleg møtepunkt for utdanningsinstitusjonane og partane i arbeidslivet med hovudvekt på rekruttering. Frå hausten 2008 er det oppretta eit utval for undervisning, der Kyrkjerådet møter dei sentrale utdanningsinstitusjonane innanfor kyrkjeleg utdanning. Mandatet utvalet har, er i hovudsak å drøfte spørsmål som har med utvikling av stillingar innanfor kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, samt halde kvarandre orienterte om aktuelle saker.

3.4 Kompetanse og kompetanseutvikling

I årsrapportane er prosjekttilsette blitt spurde om kva dei meiner er viktig kompetanse for å arbeide med trusopplæring. Svara gav eit stort mangfald, men var òg prega av at prosjekta først og fremst

tok utgangspunkt i sine egne erfaringar når dei vart spurde om kva som var viktig. Mange peika på at dei som skal arbeide i det kyrkjelege feltet, treng kompetanse i pedagogikk og kristendom/teologi. Elles var kunnskap og røynsle i kunsthag/estetiske fag (song/musikk/kunst/idrett) og engasjement/kunnskap om


Å leggje til rette for rekruttering til den kyrkjelege arbeidsmarknaden er ei stadig utfordring og vil krevje godt og målretta arbeid.

frivillig arbeid noko mange framheva som viktig kompetanse. Skal dette vere med i vurderinga om kva slags kompetansekrav ein skal setje til dei som jobbar innanfor trusopplæring, kan det bidra til eit breitt kompetansemønster for trusopplæringsmedarbeidarar. Dette heng også saman med behovet for å rekruttere breitt til det kyrkjelege arbeidsfeltet.

Kompetanse

For å oppnå varig gjennomslag for reforma, må det også utviklast utdannings- og kurstilbod som kontinuerleg sikrar kompetansen hos medarbeidarane i trusopplæringsarbeidet. Dei fleste utdanningsinstitusjonane innanfor kyrkjeleg utdanning har i prosjektperioden arbeidd fram kurs og kompetansegivande modular retta mot trusopplæring og tilsette i fagfeltet trusopplæring, og det har i dei seinare åra kome utdanning på bachelor-nivå som gir kompetanse til også å arbeide med trusopplæring i kyrkjelydar og organisasjonar.

barnogtro.no er ein interaktivt nettstad som prosjektet Maridalen og Norberg kyrkjelydar har utvikla. Det er til hjelp for forelde og fadderar som ønskjer å vere aktivt med i trusopplæringa. På sidene finst det stoff for foreldre med born 0-7 år, blant anna råd om korleis ein kan snakke med born om tru, gåvetips til bøker, spel og musikk – og mange nydelege bilde... – Her kan ein finne idear som kan gjere trusopplæringa i heimen morosam, fortel Solgunn Øvereng Matre. Ved å registrere seg på nettstaden kan ein jamleg motta nyheitsbrev om aktivitar for aldersgruppa barnet høyrer til i kyrkja det vart døypt i. Og ei årleg påminning om dåpsdagen på sms.





Kartlegging og gjennomtenking av nasjonale planar for kompetanseutvikling må naturleg gå føre seg innanfor rammene som er mellom utdanningsinstitusjonane, arbeidstakarorganisasjonane, dei nasjonale og regionale nivåa. Etter hovudavtalen på KA-sektor § 12 har arbeidsgivar plikt til å leggje til rette for fagleg utvikling og ha kunnskap om kva slags kompetanse dei tilsette har, og for å tenkje gjennom kva slags fagleg påfyll dei treng.

Styringsgruppa har drøfta i kor stor grad røy-

slene med rekruttering og mangfald i nye stillingskategoriar frå prosjektperioden gjer at stillingsmønster og kompetanse bør utgreiast. Dette for å kartleggje eventuelle behov for nye stillingskategoriar og krav til kompetanse for tilsette i trusopplæringsreforma som ikkje har den formelle kompetansen som profesjonsutdanningane gir. Det kan til dømes vere krav om minimum av kristendom og/eller pedagogikk for dei som skal arbeide med trusopplæring.

4. TILRETTELAGT TRUSOPPLÆRING FOR BARN OG UNGE MED SÆRSKILDE BEHOV

Reforma si målformulering om å utvikle ei systematisk trusopplæring [...] for alle døypte, uansett funksjonsnivå, fører med seg det å leggje til rette for at alle skal kunne delta, uansett funksjonsnivået til det einskilde barnet, eller til den einskilde ungdommen. Kyrkja må innarbeide i grunnforståinga om korleis dei skal skape ei trusopplæring som er eit

grad barn og unge med ulike funksjonshemninger [...] NOU 2000:26 s. 49

Menneske med psykisk eller fysisk utviklingshemning må ha det same tilbodet som andre.

s 22 St.meld nr. 7 (2002-2003)

Det må òg leggjast vekt på å utvikle materiell og pedagogiske opplegg for barn og unge med særskilte behov. s.31 St.meld nr. 7 (2002-2003)

Behovet for spesialpedagogisk kompetanse må understrekast, fordi det vil vere ei særleg utfordring for kyrkjelydane å tilby tilpassa opplæring for barn og unge med særskilte behov. s.32 St.meld nr. 7 (2002-2003).

Trusopplæring for alle har vore tema i alle utlysingar og i oppfølginga av kyrkjelydane som er med på forsøket gjennom kurs, rettleiing og rapportering. Styringsgruppa vil understreke det viktige anliggende som integrerings- og tilretteleggingsperspektivene utgjør i trosopplæringen. En tilrettelagt trosopplæring for alle, integrert så langt det er mulig og tjenlig, uttrykker det bærende menneskesyn som reformen preges av. Styringsgruppa ber sekretariatet fortsatt ha et fokus på dette anliggendet, og

Trusopplæring for alle har vore tema i alle utlysingar og i oppfølginga av kyrkjelydane som er med på forsøket gjennom kurs, rettleiing og rapportering.

reelt tilbod til alle barn og unge i målgruppa. Prosjektleiinga sentralt og lokalt har hatt eit kontinuerlig fokus på dette aspektet ved forsøksarbeidet.

4.1 Omfattar heile reforma

Dette temaet vart understreka i bakgrunnsdokumenta til reforma:

Noen barn og unge trenger mer ressurser for å få det samme tilbudet som andre. Dette gjelder i særlig

Kan hende det ikkje står direkte om drops i Bibelen, men både profeten Esekiel og døyparen Johannes opplevde at Guds ord smakar «søtt som honning». Det vil truleg 6. klassingane i Lunner hugse. For dei har vore med på «Bibelkurs med dropskoking», som eit ledd av prosjektet «Vi er eit folk på vandring» i Lunner og Grua/ Harestua kyrkjelydar. Ikkje overraskande var dette noko alle likte!



særlig når det kommer til holdningsskapende arbeid og den praktiske tilretteleggingen på lokal- og individplan.[...] (Styringsgruppa sitt vedtak i sak 22/05). I sak 28/05, langtidsplan 2006-2009, omhandlar delmål 18 tilretteleggingsperspektivet: Det er en fornyet bevissthet omkring tilrettelegging, metodikk og økonomi for trosopplæring for barn og unge med behov for tilrettelagt trosopplæring.

Opstart

Ei trusopplæring tilrettelagt for alle har vore tydeleg i alle utlysingane og vektlagt som kriterium ved tildeling av prosjekt. Temaet har vore eit obligatorisk element på alle innføringskurs, og kursopplegget «Hvor er Liv og Per Annerledes i morgen?» er kjøpt inn til alle kyrkjelydane i prosjektet. Det har vore oppfølgjingskurs ved integreringskonsulentane i bispedøma. Målet med kursa har vore å gi kyrkjelydane modellar og metodar som er med på å verkeleggjere kyrkja sin visjon om å vere ei heil kyrkje for alle.

Rapportering

Tilretteleggingsperspektivet er blitt etterspurt gjennom tiltaksrapportering i kyrkjelyden. I kvar tiltaksrapport var desse tre spørsmål:

1. Blir det gjort kjent høve for tilrettelegging i informasjonsmateriellet?
2. Blir det innhenta informasjon om behov for tilrettelegging ved påmelding?
3. Kor mange av deltakarane hadde behov for tilrettelegging?

Ut frå prosjektrapportane får ein desse inntrykka: Det var relativt få tiltak som melde om deltakarar som hadde behov for spesiell tilrettelegging. Hovudtendensen i dei tiltaksrapportane som omtala at dei

hadde hatt tilrettelagde tiltak, handla om å gjere tiltaket fysisk tilgjengeleg for rørslehemma. Til ein viss grad vart det rapportert om bruk av døvetolk, assistentar for barn/unge med åtferdsvanskar, og behov for spesialdiett.

I Underveisrapport 2 (2006) seier forskarane i Arbeidsfellesskapet dette om tilrettelagd undervisning: *En ser tydelig av rapportene at en er blitt flinkere til å be foreldre melde fra om de særegne behovene deres barn har ved påmelding, og at dette er blitt en naturlig del i skjemaene...*

En ser likevel at det er der hvor menighetene bevisst arbeider med tilrettelegging at foreldrene blir trygge og bringer barna sine med. Et godt eksempel her er Hareid menighet i Møre bispedømme, der en tydeligvis har evnet å gi foreldrene denne tilliten slik at barn med spesielle behov virkelig deltar i fellesarrangementene.

Andre steder kan avkryssingen i rapportskjemaet for om tiltaket er tilrettelagt se ut til å være en automatisk handling.

Plan for kyrkjelyden

I årsrapporten for 2007 vart kyrkjelydane i prosjektet bedne om å leggje ved ei skisse til ein trusopplæringsplan for heile aldersgruppa frå 0 til 18 år. Eitt av punkta i denne heilskapsplanen var spørsmålet om behovet for tilrettelegging. Kyrkjelydane svarte svært ulikt på dette temaet.

Somme valde å kommentere korleis dei i praksis la til rette for funksjonshemma i kyrkjelyden sin, og da i hovudsak rørslehemma. Andre omtalte tilrettelegging som skyss for alle barn pga. lange avstandar. Det var generelt ei positiv haldning til at kyrkjelyden hadde eit sjølvsgt ansvar for å gi alle ei undervisning etter evne og behov, og at alle skulle bli inkluderte, uansett funksjonsevne.

Prosjekta uttrykte at det er blitt vanleg å ha dette med i informasjonen til heimane, og det var sjølv-sagt at all ekstern informasjon burde tydeleggjere at tiltaket var for alle, uansett funksjonsevne. Det kunne vere vanskeleg å kome i kontakt med dei som trengte tilrettelegging av tiltaket. Foreldra måtte vere trygge på kyrkja for å seie ifrå om dette.

Kyrkjelydane som har prosjekt, rapporterte om uvisse og manglande rutinar for korleis ein i praksis skulle gjennomføre undervisninga. Somme kyrkjelydar hadde røynsle med å oppsøkje dei miljøa som hadde kompetanse på tilrettelegging. Det kunne gjerast ved å samarbeide med spesialskolar eller PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste)

Temaet har vore eit obligatorisk element på alle innføringskurs, og kursopplegget «Hvor er Liv og Per Annerledes i morgen?» er kjøpt til alle kyrkjelydane i prosjektet.

i området for å få råd og rettleiing, og for å ha kyrkjeleg undervisning for elevane på spesialscole (til dømes Byåsen). Det var òg naudsynt å avklare med kommunen og andre ansvarlege instansar at det var høve til å få hjelp når dei ansvarlege i kyrkjelyden måtte trenge det.

Tilrettelegging betyr at man må tenke at de som kommer er individer, og ikke en «gruppe» innenfor en bestemt aldersgruppe (Åssiden).

Det tar tid å legge til rette for alle, og dette må beregnes inn både i planarbeid og gjennomføring. Det må settes av ressurser og bemanning lokalt til

tilrettelegging. Det bør være noen i menigheten som leder arbeidet med funksjonshemmede (Malvik).

Det kan være meningsfullt at diakonen er med i ulike tiltak, med ansvar for de med spesielle behov. Eller det kan være diakoniutvalget (Holmen).

Kurs og konferansar

Tilretteleggingsperspektivet har stått på dagsorden under alle kurs, konferansar og samlingar som er blitt arrangerte i bispedøma og nasjonalt i regi av reforma. I tillegg har det vore tema på nasjonale konferansar og regionale fagdager. Til saman er dette eit uttrykk for eit langsiktig haldningsskape arbeid.

I tillegg til dei prosjekta som har arbeida spesielt med tilrettelegging, har sekretariatet etablert kontakt med og involverte fagmiljø som i særleg grad har kompetanse på og arbeider med integrering av funksjonshemma i kyrkja. Alle nasjonale og regionale prosjekt samt integreringskonsulentane i bispedøma har vore involverte i planverkstader og kome med bidrag til teologisk og pedagogisk grunnlagstenking for ei fornya trusopplæring.

4.2 Regionale og nasjonale prosjekt

Ved utlysing av regionale og nasjonale prosjekt har det vore etterspurt prosjekt med særleg fokus på tilrettelagd trusopplæring for barn og unge med fysisk og psykisk funksjonshemming. Det har vore etablert 16 prosjekt innanfor dette feltet. Gjennom desse prosjekta fekk ein røynsle med tilrettelagd trusopplæring for ulike målgrupper, og det vart utvikla metodar og materiell.

Mandal og Holum vil gi årlege opplevingar som gir kunnskap om kyrkja, trua og livet – og vere sporty, allsidig og kulturell. Det pliktar. Dei som vart med på Bekkevandring i april, kan verkeleg kallast sporty! – Det var «varmare» i isvatnet enn å gå i snøen, fortel prosjektleiar Beate Frigstad. – Det var ei veldig kald oppleving, som nok var litt på kanten. Fleire bein måtte tinast på magane til leiarane etterpå. Men opplevinga var stor, og ingen var negative!



Særskilde prosjekt med forsøks- og utviklingsarbeid

Somme prosjekt har hatt spesielt fokus på det å ivareta åndelege behov hos menneske med psykisk utviklingshemning og leggje til rette for deltaking i gudstenesta. Det er grunnleggjande at menneske med psykisk utviklingshemning får møte den kristne trua på eigne premissar – uansett grad av funksjonshemning.

IKO har i samarbeid med kyrkjelydane i Stavanger bispedøme utvikla ein metodikk og materialet: «Se, smak, kjenn». Materialet er tilrettelagt for konfirmantane og gjer det praktisk mogleg for konfirmantlæraren å møte ungdomane. Det har også vore sett i gang prosjekt som har utvikla klubbtilbod og leir- og konfirmantarbeid med psykisk utviklingshemma (bl.a. i Åsane kyrkjelyd, Alfsam i Grimstad kyrkjelege fellesråd, i Nidaros bispedøme, og i NMS region Stavanger).

KABB har utvikla eit verkty for å ta vare på dei synshemma sine behov og gi praktisk hjelp til å utarbeide ein individuell plan gjennom prosjektet «Dei usynlege i kyrkja». Dette er blitt ein ressurs for kyrkjelydane, som legg til rette for at synshemma barn og unge kan bli sett, og til at dei kan delta aktivt i gudstenesta og i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

Stiftinga Kirkeforskning (KIFO) gjennomførte på vegner av prosjektgruppa i Døvekyrkja ei spørje- og intervjuundersøking våren 2008 blant foreldre med døve/hørselshemma barn og med døv ungdom i aldersgruppa 17–29 år. Dette for å undersøkje målgruppa sin bruk av, røynsler med og ønskje i høve til trusopplæringstilbodet i Den norske kyrkja, som inkluderer trusopplæringstilbodet i kyrkjelyden for dei døve. Den førebels rapporten peika i retning av at foreldre og ungdomar i alderen 17–29 år ønska eit betre tilrettelagt trus- og dåpsopplæringstilbod enn det dei fekk i dag. På bakgrunn av bl.a. funna i spørjeundersøkinga skal det utarbeidast ein eigen «Plan for trus- og dåpsopplæring for døve/hørselshemma barn og unge».

Døveprostiet, det sør-vestafjellske distriktet, har utvikla metodikkressursen «Skattejakta» for Bibelarbeid med døve.

NMS region TeVeBu har arrangert juniorleir for døve i aldersgruppa 10–12 år.

Sju samarbeidande kyrkjelydar i Halden kommune har samarbeidd med kommunen om å informere om at trusopplæringa er for alle. Prosjektet har gjort gode røynsler med å gjere tilbodet i kyrkja kjent via helsestasjon, pedagogisk-psykologisk teneste og interesseforeiningane. Desse institusjonane vil vere nyttige samarbeidspartnarar og informasjonskanaler for kyrkjelydane.

Diakonistiftinga i Nord-Noreg (NND) har hatt som mål å vere eit ressurscenter for prosjektkyrkjelydar i Nord-Noreg. NND har i særleg grad gjort sitt til å gjere ressursar tilgjengelege ved at dei har etablert nettportalen Troshandboka.no. Den fungerer som ein ressursbank for kyrkjelydane når det gjeld trusopplæring for barn og unge med spesielle behov.

Stavanger, Bjørgvin og Agder og Telemark bispedøme arrangerte ein landsomfattende konferanse i mars 2008, HEL, eit heilt menneske – eit heilt liv – ei heil kyrkje. Målet med konferansen var at med-

Det krevst ei auka bevisstgjerjing og kunnskap om funksjonsevna til den einskilde.

arbeidarane skulle få kunnskap som gjorde dei i stand til til å kunne gi eit tilrettelagt tilbod til alle døypte, også dei som har ei utviklingshemning.

Eit samarbeidsprosjekt mellom KA, Kyrkjelig arbeidsgjevar- og interesseorganisasjonan og Avdeling for kompetansehevjande studiar (AKS) ved Teologisk fakultet/Universitetet i Oslo, utvikla eit studieemne om universell utforming av kyrkja si trusopplæring som starta hausten 2008.

4.3 Universell utforming

Universell utforming er i særleg grad sett på dagsorden i samfunnet gjennom diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (2008). Formålet med lova (§1) er *...å fremme likestilling og likeverd, sikre like muligheter og rettigheter til samfunnsdeltakelse for alle, uavhengig av funksjonsevne, og hindre diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne.*

Det er eit mål at offentleg verksemd, IKT, bygg og uteområde skal vere utforma slik at flest mogleg kan nytte seg av desse. Det utfordrar kyrkjelyden

til å utforme inkluderande fellesskap, slik at mangfaldet av alle menneske blir likeverdig inkludert og teke vare på. Det krevst ei auka bevisstgjerung og kunnskap om funksjonsevna til den einskilde. Denne plikta utfordrar til planleggjing av undervisningsopplegg og kreativitet med omsyn til korleis oppnå same læringsmål gjennom ulike metodar.

4.4 Individuell tilrettelegging

Samstundes som universell utforming vil vere ei grunnleggjande målsettjing, vil det alltid vere barn og unge som vil trenge særskild tilrettelegging og tilpassa opplæring. Etter opplæringslova (1998) skal opplæringa i skolen tilpassast evnene og føresetnadene til den einskilde eleven (§1-3). Eleven har rett til spesialundervisning dersom han/ho ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande

I dei fleste tilfella er det ikkje behov for fagspesialistar for å kunne møte barn og unge med nedsett funksjonsevne på ein god måte.

utbytte av det ordinære opplæringstilbodet (§5-1). Etter diskriminerings- og tilgjengelegheitslova (2008) har skolen plikt til å gjennomføre rimeleg individuell tilrettelegging for at elevar med funksjonsnedsetjing skal få likeverdige tilbod om opplæring (§12). Lova presiserer at det i somme tilfelle kan vere nødvendig å handle ulikt for å oppnå eit sakleg formål. Desse ordningane gir også viktige retningslinjer for kyrkja si trusopplæring. Det vil ikkje alltid vere eit mål å integrere alle barn og

unge i den ordinære trusopplæringa i kyrkjelyden, men det må bli gitt høve til å delta i eit eige trusopplæringstilbod på eigne premissar.

Røynslene frå forsøks- og utviklingsfasen viser at mange barn og unge med nedsett funksjonsevne i utgangspunktet ikkje treng spesialpedagogiske tiltak. Først og fremst har dei behov for leiarar som har kunnskap om kva den einskilde treng, og som veit noko om korleis ein skal møte den einskilde.

Andre røynsler viser at fleire barn og unge med nedsett funksjonsevne treng ein hjelper eller ein følgjesvein (støttekontakt, avlastar eller brukarstyrt personleg assistent) for å kunne ta del i ein større fellesskap/ei gruppe saman med andre barn og unge.

Foreldra vil i dei fleste tilfella vere dei som hjelper dei yngre barna. Når barna blir eldre, vil det ofte vere behov for ein ekstern følgjesven. Kommunene gir midlar som dekkjer nødvendig følgjeteneste i form av støttekontaktteneste. Men talet på tildelte timar er avgrensa. Det vil derfor mange stader vere nødvendig å auke talet på medarbeidarar i kyrkjelyden for å kunne gi eit godt tilbod til alle. I dei fleste tilfella er det ikkje behov for fagspesialistar for å kunne møte barn og unge med nedsett funksjonsevne på ein god måte.

4.5 Trusopplæring for alle

Røynslene frå forsøksfasen viste at mange barn og unge treng ulike former for tilrettelegging og oppfølging. I tillegg til barn og unge med fysiske funksjonshemmingar og psykisk utviklingshemma gjelder det også barn og unge med ulike former for sosiale, psykiske og kognitive vanskar.

– Når vi lagar samling for treåringane, er det ungane som er aktive og gjer ting, mens det vi seier og fortel, blir naturleg nok mest til foreldra, seier prosjektleiar Trond Aarhun. – Det er ei spesiell utfordring. – Og treåringane får plante solsikkefrø og vatne dei med vatn frå døypefonten. Det blir kopla opp mot det vatnet som gir liv, og som gjer oss reine. Vi lagar altertavle med fingermåling, syng «Kjære Gud» og tenner lysgloben. Slik får ungane ei spesiell og god oppleving.



Tenk alltid at i en aktivitet / i et tiltak skal alle som møter opp, oppleve mestring og mening, oppleve å bli sett og verdsatt. (Gildeskål)

For at alle barn og unge skal få eit jamgodt tilbod om å delta i kyrkja si trusopplæring, vil det vere behov for styrka kunnskap og auka medvett om tilhøve til barn som er i ein vanskeleg livssituasjon.

Trusopplæringstilboda må tilretteleggjast i samarbeid med den einskilde, og det må bli gitt tilbod om oppfølging. Her må det tydeleg klarleggjast kven av dei tilsette i kyrkjelyden som har hovudansvaret. Det vil også vere avgjerande å ha god kontakt og godt samarbeid med foreldre/føresette (og ev. med skole, kommunale tenester og anna støtteapparat) for å kunne gi eit godt tilbod til den einskilde.

5. TRUSOPPLÆRINGSREFORMA I EIT KJØNNSPERSPEKTIV

For trusopplæringsreforma, som det sentrale oppsedingsprosjektet i Den norske kyrkja på byrjinga av det 21. århundre, vil kjønnsperspektivet vere viktig. Ein gjennomgang av reformleiinga, tilsette i prosjekta og kjønnsfordelinga blant deltakarane og frivillige, gir viktige indikatorar. Men det vil også vere av interesse å sjå på innhaldet i arbeidet for å kunne gi ei grundigare analyse av dette.

5.1 Tverrgåande perspektiv

Den norske kyrkja har i ei årrekke vore oppteken av likestilling og likeverd mellom kjønna. Kjønn og likestilling er eitt av dei tverrgåande perspektiva i «Strategiplan for Den norske kyrkja». Det har i fleire år vore ein eigen strategiplan for kjønn og likestilling. Det blir no arbeidd med ein revisjon av denne strategiplanen, og her er hovudmålet ein likeverdig og likestilt fellesskap av kvinner og menn, jenter og gutar. For å oppnå det må kjønns- og likestillingsperspektivet innarbeidast på alle nivå og felt i Den norske kyrkja.

Styringsgruppa for trusopplæringsreforma har vore sett saman av ni medlemar, fem kvinner og fire menn. Den har vore leia av ei kvinne, med ein mann som nestleiar. I sekretariatet var det hausten 2008 ni tilsette, fire menn og fem kvinner. Prosjektleiaren var mann. Dette var heilt i tråd med det som var vanleg i mange andre kyrkjelege

organ, der ein lenge hadde arbeida for ei jamn fordeling av kvinner og menn i ulike styre og råd. I høyringsmeldinga som Kyrkjerådet gav til NOU 2008, Kvinner og homofile i trussamfunn, vart det gitt støtte til framlegget om å endre likestillingslova § 2. Dette vil føre til skjerpa krav til dokumentasjon for trus- og livssynssamfunn som vil krevje unntak frå likestillingslova.

I St.prp. nr. 1 (2005-2006) for budsjettåret 2006 for Kultur- og kyrkjedepartementet vart det under punkt 6.1, Kjønn- og likestillingsperspektivet i budsjettet, bede om at ein kartla kor mange gutar og jenter som deltok i dei lokale prosjekta, og dessutan fange opp kjønnsfordelinga hos dei som hadde ansvar for planleggjing og undervisning i prosjektkyrkjelydane. I rapporteringsskjema vart

Ein gjennomgang av reformleiinga, tilsette i prosjekta og kjønnsfordelinga blant deltakarane og frivillige, gir viktige indikatorar.

det spurt om kor mange gutar og jenter/kvinner og menn som var med på dei ulike tiltaka, og likestillingstemaet vart teke inn som bakgrunnsdokument i samband med utlysingsrundane for både regionale/nasjonale prosjekt og kyrkjelydsprosjekt i 2006 og 2007.



Flest kvinner som frivillige

Tradisjonelt har kvinner spela ei sentral rolle i mykje kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid, og ein har rekna med at dette arbeidet har hatt større appell til jenter enn til gutar. I undersøkinga om situasjonen i norske kyrkjelydar i forkant av Trusopplæringsreforma, «Dåpsopplæring i Den norske kirke i 2003», gjekk det fram at det ikkje var store skilnader mellom gutar og jenter med omsyn til deltaking i ulike kyrkjelege tiltak. Også for 15–18-åringane var det ganske jamn fordeling mellom kjønna.

Det ser altså ikke nødvendigvis ut til å være slik at jo eldre ungdommene blir, dess skjevare blir fordelingen mellom gutter og jenter (Lorentzen 2005: 47).

Derimot, når det galdt tilsette og frivillige, var det ei stor overvekt av kvinner, spesielt i tiltak for dei yngste aldersgruppene.

Denne kartleggjinga vart følgt opp i samband med årsrapporteringa frå kyrkjelydsprosjekta, men gav berre delvis innsikt. Det blir derfor nødvendig med meir enn berre ei kvantitativ tilnærming. Det blir også nødvendig å sjå på kva for verdiar som blir formidla, og kva for tema som blir tekne inn i trusopplæringsarbeidet. Er desse med på å sementere tradisjonelle kjønnsroller, eller gir dei rom for større variasjon og individualitet når det gjeld å tolke kva som er kvinneleg og kva som er mannleg? Her vil prosjektet til Norsk Kvinnelig Teologforening gi verdifull kunnskap.

5.2 Jamn fordeling av gutar og jenter

For å kartlegge korleis dei ulike tiltaka hadde nådd fram til gutar versus jenter, var det eit eige spørsmål om dette i tiltaksrapporten. Ein gjennomgang av årsrapportane for 2007 viste at det då samla sett var 54 prosent jenter i tiltaka. I 2006 var talet 55 prosent og i 2005 53 prosent. Det var heller ikkje store variasjonar mellom dei ulike bispedøma. Flest jenter var det i Sør-Hålogaland og Tunsberg, med respektive 59 prosent og 57 prosent, medan det var jamnast kjønnsfordeling i Stavanger med 51 prosent jenter.

Når det har vore ei så pass jamn kjønnsfordeling på dei ulike tiltaka, kan det hengje saman med at

dette temaet har vore vektlagt ved at alle tiltaksrapportane hadde eit eige spørsmål om dette. Det har også vore eit viktig tema i samband med innføringskurs og konferansar, som ein del av grunnlagstenkinga om å nå heile breidda av barne- og ungdomskulla.

Appell til gutar

Det kan også hengje saman med at ein mange stader har satsa på tiltak som ein reknar med vil ha stor appell til gutar. Dette gjeld både for dei eldste ungdomane og for dei litt yngre. I Bamle bar eitt av tiltaka tittelen «Veien». Der har det vore kyrkjevandring med skattejakt og utforsking av Olavskyrkja med Mariakapellet i vintermørket og 10 minusgrader – oppslutnad åtte gutar og ei jente. Eidsvåg kyrkjelyd hadde tiltaket «Eidsvåg Adventure» med følgjande målformulering:

Å nå ut til aldersgruppen 15–18 med Guds ord gjennom spennende aktiviteter.

Dei tok i bruk både skytebane og dykkarsenter og fortel om ein oppslutnad på 12 gutar og ei jente. Oddernes kyrkjelyd har satsa mykje på film, og på eitt av tiltaka deira – kinobesøk med samtale – er det rapportert om 35 gutar og 15 jenter, kan hende ikkje heilt uventa da det var filmene «Spiderman 3» og «Det gyldne kompasset» som stod på programmet. Veiar og Hogsnes har hatt kyrkjeleg data-party for aldersgruppa 14–18 år, og i Åsnes har det vore arrangert trafiktryggleiksdag. Slike tiltak står likevel i fare for å bidra til å byggje opp under tradisjonelle oppfatningar av kva som interesserer gutar versus jenter, og i neste runde til å sementere kjønnsrollemønsteret.

5.3 Tilsette og frivillige

Som vist i kapitel 3, var det per 1. mars 2008 ca. 147 årsverk i prosjekta. Desse årsverka var fordelt på 282 tilsette, 189 kvinner og 93 menn. Gjennomsnittet på stillingane var på litt over 50 prosent. Her er det med andre ord ei overvekt av kvinner.

I tiltaksrapportane var det eit spørsmål om kor mange tilsette som var involverte i tiltaket. Tiltaksrapportane for 2007 viste at kvinner utgjorde 55 prosent. Det var ein liten auke frå året

SKULK er ei forkorting for Spannande Kyrkjeleg Ungdomsarbeid med Latter og Kreativitet. Begge delar vart det mykje av da Saltdal kyrkjelyd arrangerte ukeSKULK – ei storsamling over fire etterfølgjande dagar. Med hjelp av ein teaterinstruktør lagar borna ei teatergudsteneste basert på ei bibelforteljing. I fjor var temaet Jona på rømmen. – Jona valde vi fordi det er ei spennande historie som er overkomeleg å dramatisere og har ein budskap unge kan forstå, forklarar prosjektleiar Sigmund Gulliksrud. Dåp, nattverd og utdeling av biblar til femte klasse var integrert i historia om Jona – og heile kyrkjelyden vart dregne med i dramatiseringa.



før, da talet var 54 prosent. Det var med andre ord slik at sjølv om det var langt fleire kvinner tilsette i prosjektet, så prega ikkje det dei ulike aktivitetane. I dei konkrete tiltaka var det ein jamn balanse mellom kjønna. Mykje tyder derfor på at ein i planleggjinga av dei ulike aktivitetane har vore bevisst på kjønnspektivet, og har lagt til rette slik at det både er kvinnlege og mannlege leiarar.

Ser ein på tala i dei ulike bispedøma, var det i 2007 store variasjonar. I Borg var kvinndelen i tiltaka størst, med 68 prosent, medan den for Agder og Telemark var 64 prosent. I den andre enden av skalaen kjem Tunsberg, der kvinndelen ikkje var meir enn 40 prosent, og i Møre der den var 44 prosent.

Eit viktig emne i samband med trusopplæringsreforma har vore å rekruttere frivillige medarbeidarar. Her ser det ut til at det har vore enklare å nå fram til kvinner enn til menn, her var kvinndelen

5.4 Regionale og nasjonale prosjekt

Området kjønn og likestilling er viktig både for Dnk og for arbeidet med trusopplæring. Det har derfor vore viktig for Styringsgruppa å støtte fleire regionale og nasjonale prosjekt som tek opp desse tema. Noregs KFUK-KFUM-speidarar i samarbeid med Noregs KFUK-KFUM har fått stønad til å arbeide med trusopplæring i gutegrupper. Dette arbeidet skulle opphavgleg skje i samband med ein norsk variant av «Tjejer i kyrkan», men dette arbeidet kom først i gong i 2008. Trusopplæringsprosjektet har derfor konsentrert seg om å utvikle opplegg for kjønnsdelte grupper for 11–13-åringar og for konfirmantar.

Organisasjonen «Familier og media» har fått midlar til to prosjekt: «Forbilder og speilbilder» om jenter, media og tru og maskulint medieseminar, om «Gutar og media».

Bakgrunnen for at stønaden til «Familie og media» vart utvida til også å omfatte eit prosjekt om og for gutar, var at svært mange av dei kyrkjelydane som kontakta dei for å få dei til å kome og halde kurs for jenter, også ønska eit tilsvarande opplegg for gutane. Det viste seg også at problemstillingar i forhold til kropp, identitet, forbilde og tru er vel så viktige for gutar som for jenter.

Norsk kvinneleg teologforeining fekk i 2006 innvilga prosjektet «Her er ikkje gut og jente – alle er Guds barn». Våren 2007 var det ein stor konferanse på Det teologiske fakultetet i Oslo om gutar og jenter i kyrkja. Her vart temaet presentert i ei mengd foredrag med både fagfolk og folk frå praksisfeltet. Kurset var ein del av etterutdanningstilbodet ved fakultetet.

Området kjønn og likestilling er viktig både for Den norske kyrkja og for arbeidet med trusopplæring. Det har derfor vore viktig for Styringsgruppa å støtte fleire regionale og nasjonale prosjekt som tek opp desse tema.

66 prosent. Det har vore ein liten nedgang frå året før, da talet var 67 prosent. I det vidare arbeidet med trusopplæringsreforma er det grunn til sjå på korleis det er mogleg å auke talet på frivillige menn, når to av tre frivillige er kvinner.

Prosjektet munna ut i eit kursopplegg for tilsette og frivillige som driv med trusopplæring. Målet er å utvikle gode utviklings- og handlingsrom i kyrkja for både gutar og jenter. Det har vist seg at sjølv om ikkje mange i Den norske kyrkja er mot likestilling, er det stor mangel på «reiskapar» til å snakke om kjønn og likestilling. Det kan føre til at noko som var godt meint, kan gjere situasjonen verre.

5.5 Evaluering av kjønnspektiva

Då rammene for evalueringsarbeidet i 2008 vart fastlagde, vart Arbeidsfellesskapet bedne om å utarbeide eit dokument som skulle analysere kjønnspektiva i Trusopplæringsreforma. Dei leverte ein kort rapport i midten av august 2008. Her gjekk det fram at kjønnspektiva i liten grad har vore reflekterte inn i grunnlagsdoku-

menta for Trusopplæringsreforma. Det var heller ikkje mange prosjekt der dette var teke inn i målformuleringane, og dei omtalte kort dei regionale og nasjonale prosjekta som er nemnde ovanfor.

I presentasjons- og kommunikasjonsmateriellet for reforma vart det likevel understreka at trusopplæringstilbodet skulle vere tilrettelagt for begge kjønn. Bildemateriellet var også svært variert, og viste både jenter/kvinner og gutar/menn. Likevel gav forskarane denne samla vurderinga heilt til slutt: *Selv om bakgrunnsdokumenter, tilrettelegging, presentasjon og målformuleringer i liten grad gir uttrykk for disse målformuleringer (fra St.prp. nr 1 (2005-2006) red. anm.), har Trusopplæringsreformen i sin framtidelse og konkrete presentasjon av begge kjønn på alle nivåer likevel oppfylt forventningene om at ett av kjønnene ikke skulle favoriseres (Hauglin m.fl. 2008:22).*

6. SAMISK TRUSOPPLÆRING

Utvikling av ei samisk trusopplæring, forankra i samisk språk, kultur og historie, har vore vektlagt like frå reforma vart starta. Dette har vore viktig, spesielt sidan Samisk kyrkjeråd ikkje var nøgde med framlegga frå det offentleg oppnemnde dåpsopplæringsutvalet. Røynslene frå Trusopplæringsreforma vil også vere viktige i det vidare arbeidet med Plan for samisk kyrkjeliv, slik det kom til uttrykk på Kyrkjemøtet 2006 i saka «Samisk kirkeliv – åpen folkekirke i forsoningens tegn».


6.1 Bakgrunn

Samisk kyrkjeråd meinte at NOU 2000:26 ikkje fanga opp utfordringane eit utvida trusopplæringstilbod ville få blant det samiske folket. Det vart derfor utarbeidd eit tilleggskildokument frå Samisk kyrkjeråd til Kyrkjemøtet i 2001 – Lovfesta dåpsopplæring for samiske born og unge (sak KR

45/01/Sak KM 12/01). I dette dokumentet vart det mellom anna lagt vekt på at ei utvida trusopplæring på dei samiske språka (nord-, sør- og lulesamisk) ville stille store krav til utvikling av nye læremiddel på samiske språk og til rekruttering av samiskspråklege kateketar og dåpslærarar. I tillegg ville dei økonomiske konsekvensane vere større enn det dåpsopplæringsutvalet hadde rekna seg fram til. Dette blir følgt opp i vedtaket frå Kyrkjemøtet, der det heiter:

Kirkemøtet forutsetter at det i tråd med det tilleggskildokumentet som er utarbeidet av Samisk kirkeråd bevilges tilstrekkelige midler til å realisere en lovfestet rett til dåpsopplæring for samiske barn og unge (Trusopplæring i ei ny tid, St.meld. nr. 7 (2002-2003): 14-15).

Styringsgruppa for trusopplæringsreforma har fleire gonger drøfta samisk trusopplæring, både i sak 6, 14. 4 2004 – Orientering om samisk dåps-



opplæring, sak 31/05 Nettstad for samisk trusopplæring og sak 34/06 Samisk trusopplæring – statusrapport og vegen vidare. I møtet i mars 2007 vart det orientert om at Arbeidsfelleskapet hadde fått eit tilleggsoppdrag om å evaluere samisk trusopplæring. Delrapport 6 – Samisk trusopplæring, inneheld både ei evaluering av samisk trusopplæring og ei drøfting av utvalde grunnlagsspørsmål knytta til utvikling og gjennomføring av ei slik opplæring.

Det første året vart det innvilga midlar til eit stort forsøksprosjekt i Indre Finnmark prosti. Seinare er det gitt stønad til to prosjekt med

Røynselene frå trusopplæringsreforma vil også vere viktige i det vidare arbeidet med Plan for samisk kyrkjeliv slik det kom til uttrykk på Kyrkjemøtet 2006 i saka «Samisk kirkeliv – åpen folkekirke i forsoningens tegn».

sørsamisk tematikk. I det lulesamiske området var det ikkje noko eige kyrkjelydsprosjekt, men kyrkjelyden i Hamarøy har engasjert seg i forsoningsarbeidet mellom samar og nordmenn. Dette er også blitt inkludert i trusopplæringsprosjektet deira, der temaet var dialog og livsmeistring.

I tillegg vart det brukt etter måten store ressursar på å utvikle ein samisk nettstad med undervisningsopplegg på alle dei tre samiske språka.

Da delrapport 6 om samisk trusopplæring ble presentert, påpekte fungerende generalsekretær i Samisk kirkeråd, Rávdná Turi Henriksen, at det er første gang i Den norske kirkes historie at samisk kirkeliv blir utredet grundig av en forskningsinstitusjon. Hun trakk fram at det er lagt ned et stort arbeid for å ta med samisk historie, som ikke har noe direkte med trusopplæring å gjøre. – Dette kan danne et bakgrunnstappe for nordmenn som ikke kjenner samisk historie, sa hun videre og la til: – Med dette har Dnk tatt et skritt i retning av å synliggjøre og styrke samisk kirkeliv.

Den årlege verdikonferansen har vore eit viktig bidrag til kompetanseheving, og det vart innvilga midlar til eit studium med tittelen «Tru og livstolking i Sapmi» ved Samisk høgskole.

6.2 Trusopplæring i Indre Finnmark prosti

Prosjektet i Indre Finnmark prosti har vore eit fullskalaprojekt som har omfatta sokna Kautokeino, Nesseby, Polmak, Porsanger og Tana. Det var ei styringsgruppe på prosteinivå som hadde ansvaret for å tenkje strategi. Prosjektleiaren vart tilsett av styringsgruppa, men arbeidsgivaransvaret var formelt plassert i Karasjok fellelsråd. Tittelen på prosjektet var «Etablere ei trusopplæring som er forankra i samisk kristen tradisjon og blir uttrykt på barna sitt morsmål». Det har heile tida vore arbeidd systematisk med å utarbeide planar og materiell for å gi barn og unge høve til å få opplæring på sitt eige språk. På bakgrunn av røynselene og dei mange tiltaksrapportane blir det arbeidd med eit eige dokument om tilretteleggjing av tospråkleg trusopplæring, samisk og norsk.

Siktemålet er ein samiskdominert tospråkleg opplæringssituasjon for å motverke språkbytte frå samisk til norsk, som alltid er ein trussel. I samband med dette arbeidet uttrykte prosjektleiaren at dei ser det har skjedd ein positiv utvikling. Mellom annet har dei tatt i bruk kyrkjeromet på ein heilt ny måte gjennom bønnevandringar, der både barn og vaksne tek del.

Krevjande bemanningssituasjon

Bemanningssituasjonen i Indre Finnmark har vore svært vanskeleg, med fleire stillingar som har stått tome, og stor gjennomtrekk ved bruk av vikarar. I årsrapporten for 2007 svara prosjektleiaren slik då ho vart beden om å oppsummere det dei hadde lært i 2007:

Vi mangler ressurser til å lønne medarbeidere som er ansvarlig for innhold og gjennomføring. Fast ansatte medarbeidere med lønn og arbeidsavtale sikrer planlegging og gjennomføring av tiltak. Disse rekrutterer igjen nye medarbeidere og sikrer innhold for tiltaket. Når disse mangler, går det ut over måloppnåelsen. I samiske kjerneområder er

75 prosent av konfirmantane i Ringsaker valde å vere med på konfirmantopplegget «Trusopplæring i naturen.» Rundt 1. mai forlot dei strendene rundt Mjøsa og kom til Nordfjord. Til eit heilt anna landskap og ei heilt anna røynd. Alle måtte i båtar og ro ut til to veglause bygder. Der vanka det sveler hos dei tre fastbuende. Men kanskje vil dei hugse aller best brygga i Gloppenfjorden der dei sat og song under ein måne som spegla seg i sjøen, omgitt av kvite fjelltoppar. Og korleis det var å krype inn i soveposane og sovne på brygga.



det lettere å få samer til kirkelige stillingar, om enn ikke prestestillingar. I menighetene der samene er i mindretall er dette mer problematisk.

Likevel legg ho til:

Det skjer fornyelse, spesielt på det metodiske. Vi våger å gjøre nye ting og tør mer. Ofte er det barna som viser de voksne veg som ved bønnevandringene. Vi utfordrer den lokalkirkelige tradisjonen og bruker deler av kirkerommet som tidligere var forbeholdt prest og klokker.

6.3 Trusopplæring i sørsamiske område

I 2005 vart det innvilga eit prosjekt i Nord-Rana kyrkjelyd – Mov Aehtjien gietesne – I min Fars hand. Planen var at det med basis i den lokale konteksten skulle utviklast eit trusopplæringsarbeid for heile det sørsamiske området. Prosjektet var eit faseprosjekt og omfatta fasene 0–1, 6–10 og 13–15 år. Opptrapping har skjedd gradvis ved at prosjektleiaren auka stillingsdelen år for år.

Det sørsamiske området går frå Saltfjellet i nord til Engerdal i sør. Prosjektleiaren meinte det var eit stort behov for å utvikle materiell, da det er svært lite kyrkjeleg materiell på sørsamisk. Dessutan var det naudsynt å auke kompetansen om eigen kultur og sist, men ikkje minst, kompetansestyking av kyrkjeleg personell. I tillegg ville det vere behov for å gi heimane auka medvit om samisk kristendomsforståing. For å styrkje arbeidet i det sørsamiske området vart det i 2007 tildelt midlar til eit prosjekt i Snåsa: Saman i naturen – saman med Gud – saman med kvarandre. Dette var eit prosjekt for målgruppa 10–18 år, og her vart det lagt vekt på å allmenngjere

samiske tradisjonar, spesielt i samband med årstidssamlingar ute i naturen.

6.4 Rekruttering og materiellutvikling

Utviklinga av samisk trusopplæring har gått føre seg i nært samarbeid med Samisk kyrkjeråd. Tidleg i prosjektperioden vart det gjennomført eit rekrutterings- og materiellutviklingsprosjekt som har gitt fire personar frå det samiske miljøet kyrkjelege stillingar. Som ein del av vidareutdanninga si har dei utvikla eit opplegg for samisk trusopplæring på både nordsamisk, lulesamisk og

Vi utfordrer den lokalkirkelige tradisjonen og bruker deler av kirkerommet som tidligere var forbeholdt prest og klokker.

sørsamisk. I 2007 vart det innvilga eit regionalt utviklingsprosjekt i regi av Samisk høgskole – Tru og livstolking i Sápmi. Av ulike grunnar kunne ikkje arbeidet med å planleggje dette studiet starte før våren 2008, men det er utvikla fagplanar for eit kurs som vil gi 30 studiepoeng. Studiet starta hausten 2008.

I prosjektperioden har det vore gjennomført ein årleg fagkonferanse – Samisk verdikonferanse. Konferansen var eit samarbeidsprosjekt mellom Kyrkjeleg utdanningssenter i Nord-Noreg, dei to nordlegaste bispedøma, Samisk kyrkjeråd og Trusopplæringssekretariatet. Konferansane har vore viktige bidrag i arbeidet med å vidareutvikle den samiske trusopplæringa.

I Tresfjord vart kyrkja feira med skikkeleg bursdagsfest ved pinsetid. Det var ikkje spart på verken bursdagseffektar eller aktivitetar. Både to- og treåringane, med følgje, storkoste seg. Kantor akkompagnerte forteljinga om pinseunderet ved å lage lydar frå orgelet. Ho inviterte også til vandring på orgelpedalane – til stor begeistring for borna, som fekk gå to turar kvar. Til slutt fekk alle leite etter ei gåve som kyrkja hadde lagt igjen til dei i døypefonten og i preikestolen. Der fann dei eit korssmykke til kvar...



Nettstad for samisk trusopplæring

Både i dei nordsamiske og dei sørsamiske miljøa vart det etterlyst meir materiell til bruk i trusopplæringa. Dei ulike målgruppene var likevel ganske små. Det vart derfor i 2005 vedteke at det ville vere formålstenleg å etablere ein eigen nettstad til bruk i trusopplæringsarbeidet. Arbeidet med denne nettstaden har vist seg å vere meir

Det likevel ikkje nok berre å bruke omsett materiale. Materiell skal gjenkjennast i lokale kontekstar, og omsetjingar må derfor supplerast med eige-produsert materiell frå ulike samiske område.

tidkrevjande enn ein først rekna med, mellom anna fordi det er lagt vekt på å presentere materiell på både nord-, lule- og sørsamisk. Lanse- ringa er planlagd hausten 2008. Nettsida skal vere interaktiv, med både kunnskapsformidling, spel, ressursmateriell og høve til å etablere kontaktar. Det er lagt vekt på å få fram samiske uttrykks- former, både gjennom trusformidlinga og i den grafiske profilen.

Det er også brukt etter måten store ressursar på å omsetje materiell produsert av ulike organisasjonar, mellom anna det nye opplegget til Norsk Søndagsskoleforbund – Sprell levande. Det er likevel ikkje nok berre å bruke omsett materiale. Materiell skal gjenkjennast i lokale kontekstar, og omsetjingar må derfor supplerast med eige-produsert materiell frå ulike samiske område. Ei ekstra utfordring ligg i at digital materiellpro-

duksjon krev ei tilpassing til publiseringsverktøyet som blir valt.

6.5 Evaluering av samisk trusopplæring

I april 2008 presenterte Arbeidsfellesskapet Delrapport 6 om Samisk trusopplæring. Den er redigert av Sverre Dag Mogstad, med John Arne Jensen som medforfattar, og byggjer på intervju, observasjonar og tekstanalyser.

Rapporten omtalte og analyserte trusopplæringa på grunnlag av ei tradisjonell tredeling av det samiske folket: nordsamar, lulesamar og sørsamar. Den gav ein grundig gjennomgang av søknadsprosess, organisering og gjennomføring av trusopplæringsprosjektet i Indre Finnmark prosti og i Nord-Rana kyrkjelyd.

Det har ikkje vore noko eige trusopplæringsprosjekt i områda med lulesamiske tradisjonar, men rapporten omtalte kort dialogarbeidet med ungdom i Hamarøy og Sagfjord – Dialog og livsmeistring. I tillegg var det ein kort informasjon om trusopplæringsprosjektet i Snåsa, det regionale prosjektet «Tru og livstolking i Sápmi», i regi av Samisk høgskole og arbeidet med ein samisk nettstad.

Evalueringa av trusopplæringsprosjekta viste at når det gjeld språkleg medvit, har det skjedd svært mykje i delar av dei nordsamiske områda.

I de samiske kjerneområdene arbeides det sterkt for å fremme bruken av samisk språk, og for så vidt også kvensk, der den kvenske minoritet fortsatt har bevart sin kulturelle identitet (Mogstad (red.) 2008: 147).

Evalueringa frå Arbeidsfellesskapet konkluderte med at det er så store variasjonar innanfor Sápmi

at ein neppe kan eller bør operere med berre ei form for pan-samisk trusopplærings lagt opp etter eit eintydig skjema. Dei som gjennomførde evalueringa, tilrådde at ein i det minste utvikla tre kontekstuelle planar med ein eventuell felles del. Dei peka også på eit anna viktig poeng: Kyrkja bør ikkje vere ein del av administrasjonssystemet og

bør ikkje splitte der ein i større grad treng å binde menneske saman. Dei meinte derfor at det er viktig å samarbeide langs aust-vestaksen, til dømes med Svenska Kyrkan. Styringsgruppa meiner det er viktig å leggje til rette for trusopplæring på alle dei tre samiske språka, og ser ein samisk nettstad som eit godt verkty.

7. KOMMUNIKASJON

Trusopplæringsreforma har gitt kyrkja ei særleg utfordring når det gjeld å kommunisere med den store breidda av medlemsmassen. For å skape kjennskap til trusopplæringa i kyrkja og til dei lokale tiltaka har det vore nødvendig med ein stor innsats når det gjeld marknadsføring og informasjon. Målsetjingane i trusopplæringsreforma er avhengige av ei kommunikasjonsreform i kyrkja. For prosjektkyrkjelydane har det vore nødvendig å tenkje nytt og større om korleis kyrkja kan nå betre ut med tilboda sine. Ei så kraftig utvikling av kyrkja sine tilbod til born, unge, familiar og fadderar, har gitt eit godt grunnlag til å få merksemd i det offentlege romet. Forsøks- og utviklingsfasen har gitt stor røynsle, både når det gjeld kommunikasjon, marknadsføring og mediekontakt, og bana veg for større bevisstgjerung og kvalitetshevjing innanfor fagfeltet.

Overordna kommunikasjonsplan

Heilt frå starten av prosjektet vart det lagt vekt på ein god og strategisk kommunikasjon i forhold til dei ulike målgruppene. Fleire kommunikasjonskanalar vart tekne i bruk, og det har vore lagt vekt på høg kvalitet på informasjonstiltaka. Det vart utarbeidd ein overordna kommunikasjonsplan for trusopplæringsreforma, med forslag til strategiar og tiltak både på nasjonalt nivå og for den einskilde prosjektkyrkjelyden. Hovudtrekka i planen danna grunnlaget for ein

eigen modul på innføringskursen om kommunikasjon, PR og mediehandtering. Mange tilbagemeldingar frå kursa har vore at «endeleg er desse tema sette på dagsorden».

Kommunikasjonen har gått føre seg innanfor tre arenaer, som krev ulik tilnærming når det gjeld budskap og val av kommunikasjonskanalar:

- 1 Kommunikasjon mellom sekretariatet og prosjektkyrkjelydane.
- 2 Kommunikasjon med kyrkjelydar som ikkje vart tildelt midlar i prosjektperioden.
- 3 Kommunikasjon mellom sekretariatet og ulike grupper som indirekte er påverka av reforma eller interessentar (dei kyrkjelege organa, Kultur- og kyrkjedepartementet, fagforeningar, journalistar, politikarar og utdanningsinstitusjonar).
- 4 Kommunikasjon mellom prosjektkyrkjelyden og medlemmane.

Mykje av aktiviteten knytta til kommunikasjonen mellom sekretariatet og prosjekta vart gjort for å

Det er nødvendig å tenkje nytt og større om korleis kyrkja kan nå betre ut med tilboda sine.

utvikle og skape dyktige, lokale prosjektmedarbeidarar og samstundes skape inspirasjon ved å lære av dei andre prosjekta. Kommunikasjon og mark-

nadsføring har fått ein stadig høgare prioritet i prosjekta, og det er henta stor røynsle i høve til kva som er effektiv kommunikasjon.

7.1 Omgrep, namn og visuell profil

Omgrepet dåpsopplæring var definert og gjenomgåande nytta i utgreiinga (NOU 2000:26) i forkant av stortingsmeldinga. Det same var tilfelle i stortingsmeldinga, men her vart omgrepet trusopplæring nytta i tittelen: «Trusopplæring i ei ny tid», med undertittelen «Om reform av dåpsopplæringa i Den norske kyrkja». Trusopplæring var eit omgrep som etter litt tid femna andre trussam-

Det har vore arbeidd med å finne eit omgrep som er meir kommunikativt og dekkjande enn omgrepet trusopplæring.

funn, og det var bakgrunnen for at det vart brukt i meldinga. Styringsgruppa valde å bruke omgrepet trusopplæring i det etterfølgjande arbeidet.

Termen trusopplæring er godt innarbeidd internt i kyrkja, men det er blitt tydeleg at mange i medlemsmassen manglar referanseramme til dette omgrepet, samstundes som det ikkje har den nødvendige appellen i seg. Ei mor uttalte at det var fint å bli invitert til babysong, men at ein del av trusopplæringa i kyrkjelyden vart for påtrengjande. I heile forsøks- og utviklingsperioden har det vore arbeidd med å finne eit omgrep som er meir kommunikativt og dekkjande enn omgrepet trusopplæring.

Namn

For å skape merksemd og gjenkjenning vart reforma gitt navnet Størst av alt, med underteksten «Trusopplæring i Den norske kyrkja». Størst av alt, som refererer til 1. Kor. 13,13, er også knytta til visjonen i reforma, til mål, verdiar og løfte. Namnet vart gitt ei tydeleg visuell form saman med symbolet for tru, håp og kjærleik. Grunnleggjande tekster om mål og visjonar vart publiserte på reforma sine eigne nettsider, i ein verdi- og visjonsfaldar og i brosjyreform.

Profilering

Til den visuelle profilen høyrer logo, skrifttypar, ein fargepalett og dekorelement. Alt dette var ein del av det som ofte blir omtalt som merkevarebygging. Den visuelle profilen vart konsekvent nytta i trykt og digitalt kommunikasjonsmaterieil frå sekretariatet og tilrådd brukt, og gjort lett tilgjengeleg for prosjekta. For ytterlegare å bidra til å styrkje den visuelle kvaliteten i det lokale kommunikasjonsarbeidet vart det også utvikla ressursmaterieil i form av malar til ulike trykksaker og internettsider. Vidare vart nokre av dei fremste illustratørane i landet engasjerte for å skape eit tilfang av illustrasjonar, tilpassa ulike aldersgrupper. Prosjektkyrkjelydane har også hatt tilgang til profileringsmaterieil som til dømes gensarar, t-skjorter med meir. Eit overveldande fleirtal av prosjektkyrkjelydane har teke i bruk dette materiellet.

Ettersom både namn og profilering var noko som skulle prøvast ut i prosjekta, valde nokon å gi prosjektet sitt eget namn, med ein eigen grafisk profil. Til dømes har Fjære kyrkjelyd «Sammen» som prosjektnamn, Åsen og Frosta har «INTRO», Rønvik har «Røtter og vinga», og Fjell kyrkjelyd har gitt si trusopplæring namnet «T-dagen», alle desse med eigen grafisk profil. Det var og vektlagt at «Størst av alt» og logo skal nyttast saman med logoen til Den norske kyrkja.

7.2 Tiltak frå sentralt hald

Det vart lagt vekt på at kommunikasjon frå sentralt hald bygde på grunnhaldninga om å dele røynsler og kunnskap om dei ulike sidene av reforma, planar og resultat. I første del av prosjekt- og utviklingsfasen vart det halde ei rekkje foredrag for å gi grunnleggjande kunnskap, og ikkje minst skape entusiasme blant dei tilsette i kyrkja. Nedanfor presenterer vi ulike kommunikasjonskanalar som vart tekne i bruk.

Prosjektoversyn og overordna presentasjon av reform

Etter den første tildelingsrunden vart det laga ein katalog med ein kortfatta presentasjon av prosjekta. I etterkant av den andre tildelingsrunden vart det utgitt ei brosjyre med generell informasjon

om reforma og oversyn over prosjekta. Brosjyren vart ajourført ved kvar tildelingsrunde, og er distribuert i eit samla opplag på 25 000 eksemplar.

Internett

Webområdet storstavalt.no (eller kirken.no/storstavalt) vart etablert for å gi grundig informasjon om reforma og prosjektet, samt regelmessig publisering av reportasjar frå prosjekta. Nettstaden var først og fremst utvikla for medarbeidarane i kyrkja og andre som via sin profesjon søkte informasjon om reforma. Det vart lagt vekt på fyldig presentasjon av kvart einskild prosjekt. Lokale tiltak og røynsler vart gjort tilgjengelege i ein søkbar ressursbank. Vidare inneheldt nettsidene digitale element som kunne nyttast på nettsidene til prosjektkyrkjelydane. Nettstaden gav også ein passordverna inngang til prosjekta sine egne sider og rapporteringsskjema.

Av innhald retta direkte mot målgruppene i reforma vart det skriva tekstar som gav svar på sentrale spørsmål om kristen tru og om kyrkja. Dette fekk på nettstaden kirken.no namnet «Unge spør». Kyrkjerådet si informasjonsavdeling arbeidde med kyrkja sine nettsider, slik at foreldre/føresette på ein enkel måte kunne få informasjon om korleis trusopplæringa i kyrkja er å forstå.

Nyheitsbrev

For å synleggjere mangfaldet i prosjekta vart det via Internett sendt ut månadlege nyheitsbrev med leiarartikkel og korte reportasjar. Talet på abonnentar

var om lag 2200. Nyheitsbrevet har gitt informasjon om framdrifta i reformarbeidet, samstundes som det har vore lagt vekt på at tiltaka/arrangementa som blir omtalte, skal vere til inspirasjon for dei som arbeidar med reformen. I ei lesarundersøking gjennomført i mars 2008, svara 53,9 prosent av abonnentane at dei hadde lese det sist mottekne nyheitsbrevet. Av gruppa som ikkje hadde lese den aktuelle utgåva, svara 62,2 at dei ikkje hadde tid til å lese det. Alle artiklane i nyheitsbrevet vart parallellpubliserte som aktuelt saker på nettsidene.

Magasin

Vinteren 2008 vart det gitt ut eit magasin på 36 sider, med kyrkjemedarbeidarane som den primære målgruppa. Magasinet «Størst av alt – Saman om trusopplæring» omhandla arbeidet med ny plan for trusopplæring, religionspedagogikk, barneteologi og fleire prosjektreportasjar. Magasinet vart distribuert saman med Kyrkjeaktuelt, samt til mange interessentar frå sekretariatet sitt omfattande adresseregister. Ei lesarundersøking viste at 69,8 prosent hadde lese i magasinet. Av desse var det 44,9 prosent som hadde lese meir enn tre artiklar.

Prioriterte målgrupper

Dei primære målgruppene for medlemskommunikasjonen har vore døypte barn og unge og deira foreldre/føresette og fadderar. For å kommunisere med breidda i målgruppene var det avgjerende å nå fram til foreldre som hadde valt å døype barnet

Skoleborn i Vardåsen skal måle teikningar frå heile bibelhistoria som skal sandblåst på tolv store steinar frå kyrkjetomta. Dei skal bli stasjonar langs kyrkjevegen. – Vi har valt ut tolv tema frå Bibelen, og ønskjer 40-50 framlegg til teikningar til kvart tema. Ein jury skal så avgjere kva for teikningar som skal sandblåst. Dei resterande skal stillast ut, fortel prosjektleiaren Jorunn Bottolfs. Ideen til steinstasjonane fekk soknepresten da kyrkja vart bygd i 2004. Da vart det sprengt ut stein som var 400 millionar år gamal – og som tidlegare har lege på havbotnen i Asker. Da kyrkjelyden fekk trusopplæringsmidlar, ønska dei å knyte det borna skulle lære, opp mot stasjonane. Dei ønska også at borna sjølve skulle vere med å visualisere trusuttrykka sine.



Klær og effektar der det er trykt LOVED, har slått svært godt an blant tenåringar. Det var kleskolleksjonen til Acta som var først ute med det som no er blitt eit heilt konsept. Og omfattar også ei andaktsbok. Loved andaktsbok er ei raud bok med ein raud tråd: Guds kjærleik. Boka er delvis finansiert av trusopplæringsmidlar. Den har ein andakt til kvar dag i ein månad, skriven av eit breitt utval ungdomsforkynnarar frå heile landet. Det tek 31 dagar å etablere ein vane, derfor har visst boka 31 tekstar...



sitt, men som i liten grad følte seg heime i kyrkja si verksemd. Denne gruppa kunne ha ei latent interesse for tru og livssyn. Styringsgruppa fann det sannsynleg at dei fleste i denne målgruppa var passive i si innhenting av informasjon. Dei utfordra derfor kyrkjelydane til eit strategisk og offensivt syn på kommunikasjon og marknadsføring.

7.3 Lokale røynsler

Utfordringa til prosjekta om å nå den store breidda av døypte, har kravd nytenking i høve til både bodskapsutforming og til val av kommunikasjonskanalar. Ved at lokalt utvikla kommunikasjonsmateriell vart samla inn heilt frå prosjekta starta i

Årsrapportane frå prosjektkyrkjelydane synleggjorde at elektroniske media hadde ein stadig viktigare funksjon i medlemskommunikasjonen.

2004, kom det tydeleg fram at kvaliteten på kommunikasjonsmateriellet hadde auka mykje frå år til år. I prosjektbudsjetta har ein observert at kommunikasjonsfeltet også har fått ei auka økonomisk prioritering for kvart år som har gått.

Ekstern evaluering

Fagområdet kommunikasjon var ikkje eksplisitt evaluert av Arbeidsfellesskapet, men det vart konstatert at

reformen hadde ført til en profesjonalisering av informasjonsarbeidet i kirken, med økt vekt på kvalitet og differensiert informasjon.

Alt trykt og digitalt kommunikasjonsmateriell som vart utvikla lokalt, samt presseklipp, vart systematisert av sekretariatet. Ei ekstern evaluering av brosjyrar, brev og plakatar vart gjennomført av TSN Gallup.² Analysemetoden var å kategorisere materialet ut frå fire marknadsføringsmessige grunnorienteringar. Det vil seie fokus på aktiviteten, målgruppa og/eller fokus på behov og nytteverdi hos mottakaren.

Analysen viste desse hovedfunna:

- Kommunikasjonsmateriellet gav gode svar på spørsmåla «kva vart det invitert til?» og «kven var dette for?».
- Generelt godt med omsyn til profileringa av «Størst av alt».
- I mange tilfelle var det aktiviteten sjølv som kom i fokus, i staden for å tydelegjere kvifor ein gjorde dette, og kva dette hadde med trusopplæring å gjere.
- Kommunikasjonsmateriellet var jamt over svakt på område som hadde med behov å gjere og ga ikkje alltid svar på spørsmåla «kvifor skal eg vere med på dette?» og «kva gir det meg attende?». Behovsorienteringa sa noko om kva mottakaren kunne vente seg å få ut av det som vart presentert. I bodskapsutforminga vart mottakeren sett i sentrum, og ein såg utanfrå og inn.

Det vart ikkje utført effektmålingar av kommunikasjonsstiltaka, og det vart presisert frå fleire prosjekt at ein flott brosjyre ikkje var garantien for å lykkast med oppslutninga. Årsrapportane frå prosjektkyrkjelydane synleggjorde at elektroniske media (Facebook, e-post og sms) hadde ein stadig viktigare funksjon i medlemskommunikasjonen. I eitt av forsøka var Internett og sms tekne i bruk

² Haakon Korsgaard: «Størst av alt». Evaluering av kommunikasjon knytta til prosjekta.

for å byggje relasjonar til foreldre og fadderar. Nettstaden barnogtro.no (Maridalen og Nordberg kyrkjelydar i Oslo) gav konkrete råd og inspirasjon til trusopplæring i heimen. Det vart tilbode høve til å få ei påminning på mobiltelefonen om at den årlige dåpsdagen nærma seg.

Vi søker hjelp av andre til å hjelpe oss med godt språk og god layout. Det er så viktig at vi ikke får et «for kirkelig» språk (Eidsberg, Trømborg, Mysen og Hærland kyrkjelydar).

Medieomtale

Det er frå sentralt hald blitt lagt vekt på å auke kunnskapen om kor viktig det er å bruke pressa. Mange prosjekt har lykkast i å få positiv omtale av prosjekta sine og enkeltarrangement i lokal- og regionalaviser. Når pressa slår dette opp, skriv dei i tillegg også ofte om trusopplæringsreforma sin bakgrunn og idé. Å halde ved like kontakten med faste kontaktpersonar i redaksjonane har vist seg å gi god utteljing.

Vi fekk svært god medieomtale for «4-årgjengen» og trur det er difor vi fekk samla så mange born som vi ikkje ellers ser (Bø kyrkjelyd).

Jungeltelegrafan og personleg oppfølging

Personleg kontakt vart oppfatta som den beste kommunikasjonsforma. For somme var det nok å sende eit brev stila til den einskilde potensielle deltakaren, mens mange prosjektkyrkjelydar rapporterte at dei måtte vere meir personleg ved å sende sms eller e-post, og aller helst ringje. Etter kvart som tiltaket var blitt gjennomført fleire gongar, var røynsla den at jungeltelegrafan og eit godt rykte var den beste forma for marknadsføring.

7.4 Kompetansehevjande tiltak og deling av røynsler

Medlemskommunikasjon krev kunnskap om fleire kommunikasjonsdisiplinar. I ein av årsrapportane vart det uttrykt på denne måten:

Vi konkurrerer i et stramt fritidsmarked. Det har vært satset mye på gode brosjyrer og kommunikasjonsmateriell. Dette alene er ikke nok, men må følges opp – helst med personlig kontakt. Det må satses svært mye på informasjon via alle tilgjengelige kanaler.

Det var i heile forsøks- og utviklingsfasen lagt vekt på å auke kompetansen til prosjektmedarbeidarane innanfor marknadsføring og mediehandtering. Alle konferansane for prosjektmedarbeidarar kom inn på kommunikasjonsfeltet, med foredrag og seminar. Til samlingane hadde medarbeidarane teke med seg lokalt utvikla kommunikasjonsmateriell og presseklipp og monterte dette som «veggaviser». På denne måten vart røynsler delte og idear plukka opp. Frå prosjektkyrkjelyden si side vart det uttrykt behov for vidare kompetansehevjing og høve til å dra nytte av det andre kyrkjelydar hadde gjort.

Viktig for heile kyrkja

Dei røynslene som vart gjorde i prosjektperioden, vil vere svært verdifulle i overgangen til varig drift. Det har vore ei auka kompetanse i prosjekta som truleg vil vere viktig for heile Den norske kyrkja. Gjennom å vidareutvikle ressursbanken kan lokalt utvikla kommunikasjonsmateriell bli tilgjengeleg for andre og effektivisere utforminga av PR-materiellet. Røynslene vil danne grunnlag for kurs og andre kompetansehevjande tiltak for medarbeidarar i nye kyrkjelydar, som etter kvart blir ein del av reforma.

7.5 Nasjonal PR

Forsøks- og utviklingsfasen har vore lokalt forankra, med vekt på eit mangfald av tiltak og arbeidsformer. Sidan kyrkja sitt tilbod til målgruppene i reforma var sterkt varierende frå stad til stad, var det krevjande å kommunisere kyrkja si trusopplæring på eit nasjonalt plan. Landsomfattande kampanjar gir ikkje den ønska effekten når lokale kyrkjelydar manglar eit trusopplæringstilbod. Etter kvart som reforma blir utvida, vil nasjonale markeringar kunne gi nasjonal merksemd og dermed drahjelp til PR-arbeid i den lokale kyrkjelyden. I 2008 skal det prøvast ut eit nasjonalt tiltak. Det vil truleg skape stor nasjonal og lokal medieinteresse: Alle døypte elleveåringar blir inviterte til å overnatte i kyrkja den første helga i advent. Arrangementet har fått navnet «LysVaken», og er også ei markering av at trusopplæringsreforma går inn i ein ny fase.

Det offentlege rommet

For det vidare arbeidet med nasjonal PR er det utvikla ein eigen kommunikasjonsstrategi og tiltaksplan. Kommunikasjonsstrategien søker å løfte eit lokalt forankra og fragmentert prosjekt opp til ein tydeleg nasjonal og lokal heilskap. Noko av strategien handlar om å setje dagsorden på ein arena vi kan kalle trua og identiteten til barn og unge. Det religiøse livet til barn og unge og deira tilhøve til kyrkja får svært lita merksemd i media. Tema som tru og identitet har stort potensial for å bli sett og høyr, fordi det har å gjere med oss alle, handlar om emosjonar og fordomar, har konfliktlinjer, og fordi det er plass til nye, sterke stemmer på området.

Andre tiltak for å få nasjonal og lokal merksemd kan vere å etablere ein årleg temadag (til dømes «Ung i Noreg»), utlyse skrive- eller filmkonkurransar eller lage temaaviser som innstikk i regionavisene. Det har også vore oppslag i nasjonale og regionale aviser og innslag i radio/tv om reforma.

Det er vidare laga ei utgreiing om korleis kyrkja kan nå dei unge på Internett. I denne utgreiinga blir det lagt vekt på at ein må møte dei unge der dei alt er, på nettet, som til dømes via nettby.no. Det er det største nettsamfunnet i Norge, med over seks-hundretusen «innbyggjarar». Der er det så langt inga kyrkje.

8. TRUSOPPLÆRING OG RELIGIONSDIALOG

Tilhøvet mellom trusopplæring og religionsdialog er blitt aktualisert i dei fem åra som har gått sidan trusopplæringsreforma starta opp. Dels fordi eit aukande tal av kyrkjelydar i Den norske kyrkja har ein fleirkulturell, multireligiøs kontekst og alt er involvert i ein religionsdialog, dels fordi døypte barn og unge er i mindretal i somme kyrkjelydar i byen, og dels fordi dei som løyver pengar har signalisert at dette er eit felt som bør vere i fokus i reformarbeidet. Fleire av prosjektkyrkjelydane dei siste åra har hatt eit slikt fokus.

Eitt av kriteria i utlysing

I den første tildelingsrunden vart det gitt støtte til eit prosjekt på Holmlia i Oslo, nettopp for å få røynsler frå ein slik kyrkjelyd. Året etter vart det gitt støtte til eit prosjekt på Grønland i Oslo. Same året vart det også starta opp eit prosjekt i fire sokn i Tynset fellelsråd, der det har vore aktuelt å arbeide med religionsdialog.

I samband med Stortinget si behandling av økonomien for Den norske kyrkja i 2006 vart omgripet religionsdialog brukt eksplisitt. I Innst.S.nr.108

(2005-2006) heiter det:

Komiteens flertall (medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet) vil likevel be Kirkerådet vurdere om det ikke bør taes initiativ til prosjekt der religionsdialog skal være det grunnleggende tema.

I 2007 vart religionsdialog vektlagt spesielt i utlysingsteksten, og det vart gitt støtte til eit kyrkjelydsprosjekt på Vardåsen i Asker og eit utviklingsprosjekt i Kirkens Nødhjelp med tittelen «Religionsdialog for ungdom, fra ord til handling». Dette siste prosjektet skal vere med å utvikle nye metodar og gjere ungdom medvetne om kva dialogarbeid er.

8.1 Røynsler frå prosjekta

Holmlia på Søndre Nordstrand i Oslo er ein kyrkjelyd som har mange fleirkulturelle barn. Der har dei hatt eit flerkulturelt generasjonstiltak for aldersgruppa 7–9 år, med agentskole etter modell frå Norsk Søndagsskoleforbund. På denne måten

Overalt i landet har mange prosjekt tilbode babysong. Og det har vist seg å vere eit populært tiltak alle stader. I øykommunen Austevoll kom alle dei 60 døypte i 2006 – fordelte på samlingar på tre ulike øyer. Gjennom babysongen blir alle borna sett, mødrene kosar seg, og babyane trivst tydeleg med songane og leikane. Dei vaksne lærer mange bønner og songar som dei kan bruke i dåpsopplæringa heime. Nokre kyrkjelydar har valt å ha babysongen i kyrkjeromet.



ønska dei blant anna å nå ut til barn med annan kristenkulturell bakgrunn. I arbeidet sitt har dei lagt vekt på at barna skal bli kjende med og vere ein del av ein gudstenestefellesskap. Vidare at dei skal lære å be, bruke bøn, bordvers, lage bøn, vere med å be ved lystenning, bli kjende med Fadervår, bønnesangar, og bli kjende med bibelforteljingar. Dette trusinnhaldet valde dei fordi dei meinte det er viktig med grunnleggjande kristen kunnskap. Og dei har satsa på varierte arbeidsmåtar og -metodar, fordi barn lærer på ulike måtar.

Grønland kyrkjelyd

Prosjektet på Grønland hadde tittelen «Ungdomsarbeid i motstrøms kontekst – samtale, opplevselser, identitet, fellesskap». Her var målsetjinga å lære meir om korleis ein kan vere kyrkje for og med ungdom i alderen 13–18 år på ein stad der dei døypte var i mindretal i ein multikulturell og fleirreligiøs samanheng. Eitt av tiltaka har vore leksehjelp på Hersleb skole. Målet har vore å hjelpe ungdomane med lekser, og dessutan stimulere relasjonsbygging og religionsdialog. Da det gjekk føre seg på ein offentleg skole, vart ikkje trusinnhald-temaet formidla, med mindre deltakarane spurde medarbeidarane i prosjektet. Dei har også arrangert ungdomstur til ein leirsted. Dette var ein diakonal tur som kunne vere med og styrkje trua til ungdomane, og gi dei ei oppleving av å vere med i ein kristen fellesskap. Dessutan gav den rom for samtale rundt tru, både kva ungdomane trur på, og kva leiarane trur på.

Brydalen kyrkjelyd

Brydalen kyrkjelyd i Tynset har små barnekull i målgruppa. Fleire av dei var ikkje døypte, men

hadde foreldre med katolsk eller muslimsk bakgrunn. For tre år sidan starta Brydalen sokneråd «Saman», eit interreligiøst treff i kyrkja, der det vart lagt vekt på at menneske skal bli kjende med kvarandre gjennom samtale, økumenisk andakt, sang og fellesmåltid. I forlenginga av dette har det vore samlingar der også barn som ikkje er døypte,

Eit aukande tal av kyrkjelydar i Den norske kyrkja har ein fleirkulturell, multireligiøs kontekst.

og medlemar i andre trussamfunn, har vore inviterte til familietreff. Målet for tiltaket har vore å tilby ein attraktiv møtestad for alle, unge og gamle, med dei ulike bakgrunnane dei har. Religion var ikkje i fokus på kvar samling, men var ein naturleg del av samveret ved at det alltid var bordbøn. «Saman» er blitt eit omgrep i Brydalen, og prosjektleiaren er med i referansegruppa til Kyrkjerådet sitt prosjekt «Religionsmøte og menigheten» (ROM).

Vardåsen kyrkjelyd

I Asker var Vardåsen den kyrkjelyden som hadde størst del av fleirkulturelle barn og unge. Dei hadde eit prosjekt for aldersgruppa 10–18 år, der religionsdialog var eitt av måla for den eldste aldersgruppa. Også før dei vart prosjektkyrkjelyd var dei med på å arrangere ein kulturkveld, «Borgen i våre hjerter», der målet var samarbeid på tvers av alder, religion og kulturbakgrunn. I 2007 vart det til at dette arrangementet også tok opp spørsmål som har med religion å gjere.



I tiltaksrapporten skreiv dei:

Det var en fantastisk vellykket kveld med et bredt spekter av kultur, samtidig som vi klarte å sette tro på dagsordenen i to av innslagene. Konfirmantene hadde laget veggavis der de hadde intervjuet en venn med en annen tro. Dessuten intervjuet sognepresten i vår menighet fem personer med ulik bakgrunn: En sikh fra India, en ortodoks kristen fra Serbia, to muslimer fra Pakistan og en gutt med far fra Uganda og mor fra Norge som ble konfirmert i vår kirke. Vi valgte å bruke litt eldre ungdommer (17–20 år) både fordi de skulle ha et tilbakeblikk på oppvekst på Borgen, og fordi vi ønsket ungdommer som kunne reflektere over spørsmålene.

Frå ord til handling

I mange kyrkjelydar er Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp blitt eit fast innslag i konfirmantundervisninga. Organisasjonen har lang røynsle med religionsdialog i land i Asia og Afrika, og i 2007 fekk dei innvilga støtte til eit materiellutviklingsprosjekt der dette var tema. «Religionsdialog for ungdom – fra ord til handling» var eit prosjekt der dei utvikla ein nettbasert ressurspakke til bruk i ulike ungdomsmiljø. Materiellet skulle også gi deltakarane rettleiing i religionsdialog og diakonal samhandling på deira lokale arena. Prosjektet var basert på at dialog i seg sjølv var ein veldig god måte å få kunnskap på, både om eiga og andre si tru.

8.2 Trusopplæring på «grønlandsk»

Sjølv om det var fleire prosjekt som hadde teke opp temaet religionsdialog, var det i Grønland kyrkjelyd i Oslo dei arbeidde mest systematisk med tilhøvet mellom trusopplæring og religionsdialog. Gjennom dette arbeidet har dei også sett at det kan vere ein samanheng den andre vegen – at vegen til å utvikle kjennskap og tryggleik i høve til eigen ståstad blir meir spennande, tydeleg og berekraftig i dialog med andre tradisjonar.

Dei har røynsle for at når ein er i dialog, lærer ein meir om andre og om seg sjølv. For når ein er i dialog, må ein forklare si eiga tru med andre ord, andre bilde, andre tilknytningar, og dermed oppdagar ein nye sider ved si eiga tru. Dei meiner at religionsdialog først og fremst fungerer trusopp-

lærande – dersom det handlar om eit respektfullt møte mellom to likeverdige partar som søker auka kunnskap om og forståing for kvarandre.

Meir bevisst på eiga tru

Dei legg vekt på at trusopplæringa fungerer religionsdialogisk når den skjer i interaksjon med representantar for ei anna tru, enten direkte eller ved at desse perspektiva er inkluderte i trusopplæ-

Røynslene seier at det er eit mål at religionsdialogiske tilnærmingar i trusopplæringa alltid blir kompletterte med tiltak med meir tradisjonell målgruppetenking og tydeleg kristen profil.

ringa på ein positiv måte. Eiga tru blir tydelegare og meir bevisst i møte med anna tru – og prosessen blir meir dynamisk. Eit aspekt ved kristen tru er å møte andre med respekt, interesse og omsorg, og å bidra til å redusere fordomar, gi håp og styrkje fellesskapen – det skjer i dialogen. Det blir eit meir inkluderande miljø, der ungdom kan vere saman med sine ikkje-kristne vener.

Toleranse og respekt

I reforma sine bakgrunnsdokument vart det vektlagt at dersom barn og unge skal utvikle toleranse og respekt for ulike livssyn og religionar, er det nødvendig å ha kjennskap til og tryggleik i forhold til sitt eige livssyn. Kyrkjelydane har heile tida lagt stor vekt på livstolking i si forståing av trusopplæring. I Arbeidsfellesskapet si kartlegging av sentrale omgrep i kyrkjelydane si forståing av trusopplæring vart det rangert som nummer tre i 2004/2005 og på fjerdeplass i 2007 (Hauglin, Lorentzen og Mogstad (red) 2008). Røynslene frå prosjektkyrkjelydane som har arbeidd med religionsdialog, viser at dette kan vere med og bidra til livstolking. Dette er ein ny tematikk som det vil vere viktig å bidra til med meir systematisering av røynslene frå arbeidet med trusopplæring og religionsdialog. Det kan gjelde tema som menneskesyn, haldningsskapande arbeid og felles etiske utfordringar.

Kva er utfordringane når trusopplæring og religionsdialog går saman? At det misjonale aspektet ved trua blir svekka? At det blir ei «KRL-samanblanding» av religionane? At det blir mindre rom for eller fokus på kristen kunnskap og praksis? At dei døypte ikkje får ei opplæring med utgangspunktet i eigen dåp? Rønslene seier at det er eit mål at religionsdialogiske tilnærmingar i trusopplæringa alltid blir kompletterte med tiltak med meir tradisjonell målgruppetenking og tydeleg kristen profil.

Dynamikk

Alle menneske er skapte og elska av Gud og skapte til å vere i relasjon til Gud, til andre og til seg sjølv. I Det gamle testamentet blir det mange stader sagt

at eit kjenneteikn på Guds folk er at dei tek vel imot «framande» og «utlendingar». Dette gjer at kyrkja har eit spesielt ansvar på dette området. Mange av dei utfordringane vi står overfor, er av ein slik storleik at det er nødvendig med samarbeid på tvers av religiøse og andre skiljelinjer – fredsarbeid, naudhjelpsarbeid, klima og miljø.

Religionsdialog utfordrar oss til å finne felles punkt når det gjeld innhaldet i trua og utøving av tru, til dømes monoteisme, heilage bøker, heilage stader, osb. Religionsdialogen kan skape dynamikk i trusopplæringa. Ved å leggje vekt på både det som er felles og det som er ulikt i religionar, lærer ein kanskje å verdsetje enda meir eiga tru og få meir respekt for trua til dei andre.

9. UTVIKLING AV FAGLEGE NETTVERK

Det er etablert ulike støttestrukturar for å leggje til rette for læring i forsøksarbeidet. Gjennom kurs- og konferanseverksemd, mentorteneste, verkty for planleggjing, erfaringsdeling og rapportering og forskings- og fagutviklingsprosjekt har trusopplæringsreforma resultert i stor aktivitet og utvikling av fagfeltet kyrkjeleg undervisning. Prosjektkyrkjelydane er blitt følgt opp gjennom lokale innføringskurs ved oppstart og nasjonale kursdagar kvart semester. I tillegg har det vore kursverksemd retta mot heile Den norske kyrkja i form av fagdagar/ stiftssamlingar i bispedøma, foredrag om trusopplæring på konferansar, og etter- og vidareutdanningstilbod i regi av fagforeiningane, KA, utdannings- og fag-institusjonar.

9.1 Kompetansenettverk

Utvikling av kompetansenettverk for trusopplæring har i forsøks- og utviklingsfasen til reforma hatt som mål å skape dialog mellom det lokale

forsøksarbeidet og ulike faggrupper og fagmiljø for at kyrkja sin praksis og fagfeltet kyrkjeleg opplæring kan utviklast. Slik kompetanse finst blant tilsette i kyrkja på ulike nivå og ved institusjonar som arbeider innanfor f.eks. pedagogikk, teologi og samfunnsforskning.

Styringsgruppa for trusopplæringsreforma har hatt denne visjonen for arbeidet med kompetansenettverk i forsøks- og utviklingsfasen:

- Ei lærande kyrkje som kontinuerleg utviklar trusopplæringsarbeidet sitt for å realisere trusopplæringsreforma sine mål og visjonar.
- Eit mangesidig fagmiljø som er interessert i å drive relevant fagutvikling for trusopplæringa.
- Eit omfattande kurs- og utdanningstilbod for trusopplæringsmedarbeidarane i kyrkja.

Dei kontaktpunkta som er etablerte i samband med arbeidet med kompetansenettverket, har fungert som møtestader der fagpersonar frå mange ulike fagmiljø har arbeidd med tema som kan vere med og utvikle fagfeltet kyrkjeleg undervisning.

Dynamikken mellom dei akademiske fagmiljøa og trusopplæringsarbeidet i dei lokale kyrkjelydane har stimulert utviklinga både av praksisfeltet og teoridanninga.

Arrangert konferansar

Mange fagmiljø og fagpersonar er blitt involverte i reforma på ulike måtar gjennom aktiviteten i kompetansenettverket, i utviklingsprosjekt, mentorteneneste og evalueringsforskning. Dette gir eit positivt utgangspunkt når det i 2008 må leggest til rette for vidareføring av eit slikt fagleg nettverk etter den innleiande forsøks- og utviklingsfasen i reforma.

Det har vore arrangert konferanse for kompetansenettverket ein til to gongar i året. Dette har fungert som ein arena for presentasjon og drøfting av faglege tema. Konferansane har vore ein viktig reiskap i utviklinga av eit nasjonalt kompetansenettverk for trusopplæring. Trusopplæring er blitt sett på dagsorden i mange faglege fora gjennom denne kursverksemda, og illustrerer eit mangfald av fagleg aktivitet med mange involverte deltakarar og bidragsytarar.

9.2 Nettverksgrupper

Modellen med kompetansenettverksgrupper vart utvikla som eit verkemiddel for å få lokal røynsle og refleksjon i dialog med ulike fagmiljø. Målet har vore å skape arenaer for å setje ord på og systematisere røynslene, bringe inn ulike faglege perspektiv, og vidareutvikle praksisfeltet og fagfeltet gjennom denne prosessen. Gruppene har arbeidd i ein avgrensa periode (fire til seks månader) med eit tema eller ei problemstilling som forsøksarbeidet har tydeleggjort som viktig å reflektere over eller drive utviklingsarbeid rundt.

Gruppene kan setjast saman av fagpersonar som arbeider med trusopplæring på ulike nivå: Prosjekttilsette (lokalt og sentralt), mentorar, kyrkjelege fagkonsulentar (bispedøme og sentralt), representantar for dei kyrkjelege faggruppene, og fagpersonar frå ulike utdanningsinstitusjonar og forskingsmiljø. Det kan vere regionale grupper eller grupper med representantar frå ulike stader i landet.

Arbeidet til nettverksgruppene skal resultere i

eit sluttprodukt som gjer arbeidet deira og resultatata tilgjengelege for andre. Kva som er tenleg dokumentasjon og måte å kommunisere gruppa sitt arbeid på, vil variere frå gruppe til gruppe. Det kan vere artikkelar der refleksjon og resultat av arbeidsprosessen blir presentert, og innlegg på

Regionale og nasjonale utviklingsprosjekt i regi av mange ulike faginstitusjonar har hatt ein viktig funksjon i det fagutviklingsarbeidet som har vore gjennomført i samband med reforma.

fagkonferansar. Utvikling av studieopplegg for medarbeidarar i kyrkjelydane med utgangspunkt i gruppa sitt skriftlege arbeid kan også bidra til at refleksjonen kan vidareførast og prege utviklinga av praksisfeltet.

I forsøksfasen har det vore gjennomført tre slike grupper på initiativ frå styringsgruppa:

- Forståing av fenomenet læring i trusopplæringa (KIFO) 2005–2006
- Familien si rolle i trusopplæringa (KIFO) 2005–2006
- Mentortenenesta. Røynsler, forståing og refleksjonar rundt vidareføring (IKO) 2007–2008

I tillegg har fleire utviklingsprosjekt nytta tilsvarende metodikk.

9.3 Utviklingsprosjekt

Regionale og nasjonale utviklingsprosjekt i regi av mange ulike faginstitusjonar har hatt ein viktig funksjon i det fagutviklingsarbeidet som har vore gjennomført i samband med reforma. Utviklingsprosjekt i regi av utdanningsinstitusjonar og andre fagmiljø har vore medverkande til utvikling av kompetansegivande kurs, fagdagar og faglitteratur om trusopplæring retta mot medarbeidarar i kyrkja. I siste delen av forsøksfasen blir det halde fleire fagkonferansar, symposium og konsultasjonar i regi av faginstitusjonar, som «produkt» av utviklingsprosjekt som blir støtta gjennom reforma. Fleire av desse prosjekta fører til at det blir publisert artikkelar i fagtidsskrift og bøker. Effekten av nettverksbyg-

Da ein elev ved vidaregåande skole i Ytre Namdal tok livet sitt i 2004, vart sokneprest Jan Korsøen involvert i sorgarbeidet og beden om å vere meir til stades i skolemiljøet etter dette. – Det var da eg kom på ideen om å lage eit stille rom på skolen, der alle, uansett livssyn, kunne tenne lys og kople av midt i skolekvardagen, fortel han. Romet vart kalla «Pusteromet», og vart utforma i samarbeid med elevar og lærarar. Dei vart samde om at romet skulle innhalde ei stor lysteningssandkasse og ein fire meter lang, massiv «klagemur» – og puter og grønne plantar. To hender som omsluttar ein klode og ei fredsdue vart vald som symbol.



ging kan også føre til at institusjonar og fagpersonar samarbeider om utviklingsprosjekt.

Nettverksgruppemetodikk eller bruk av referansegrupper/referansepersonar blir nytta i mange av prosjekta og tek vare på dialogen mellom erfaringskompetanse og akademisk kompetanse.

Ressursmaterieill

Midlane til utviklingsprosjekt har stimulert fagmiljøa til å engasjere seg i tema som er relevante for trusopplæringa, og har dermed vore med på å auke institusjonane sin kompetanse på feltet, samtundes som det blir utvikla faglitteratur, kurs- og studietilbod.

Materieill- og læremiddelutvikling er også blitt etterspurt gjennom utlysingane av utviklingsmidlar. Dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane og forlaga har på denne måten vore med på å utvikle ressursmaterieill for trusopplæringa. Også desse utviklingsprosessane har skjedd i dialog med praksisfeltet, enten ved at dei byggjer på forsøksarbeid i kyrkjelydar eller blir utvikla i dialog med referansegrupper. Arbeidet med ny plan for trusopplæring må skje i god dialog med slike miljø som har kompetanse på å utvikle og distribuere ressursmaterieill for trusopplæringa.

9.4 Utdanningsinstitusjonane

Dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane har gjennom prosjektperioden vore viktige medspelarar og leverandørar for reforma på ulike måtar: Fagpersonar på ulike felt er blitt nytta som foredragshaldarar på kurs og konferansar, til

vurdering av prosjektsøknader, som mentorar, og som deltakarar i kompetansenettverksgrupper.

Dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane har ei sentral oppgåve i å utruste kyrkjelege medarbeidarar med god kompetanse til å jobbe med trusopplæring.

Hausten 2006/våren 2007 gjennomførde trusopplæringssekretariatet samtalar med mange kyrkjeleg tilknytta utdanningsinstitusjonar. Målet med møta var både å styrkje kontakten med viktige fagmiljø, gi informasjon om aktuelle tema ut frå reforma sin ståstad, og å drøfte kva institusjonane kunne bidra med i dette arbeidet. Dessutan var det viktig å dele røynsler om rekruttering av personell til trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane, trusopplæringsreforma sine utfordringar til grunn- og vidareutdanning for kyrkjelege medarbeidarar, og idéutveksling rundt vidareutvikling av kompetansenettverksarbeidet.

Ein god kontakt og dialog med dei kyrkjelege utdanningsinstitusjonane er nødvendig for å drøfte samarbeid og utfordringar trusopplæringsreforma gir til deira verksemd. Dette må vidareførast gjennom kompetansenettverksarbeidet, og ved å bruke dei kontaktorgana som alt eksisterer mellom sentralkyrkjelege instansar og institusjonane for å drøfte rekrutterings- og utdanningsspørsmål.

9.5 Generering av læring

Ulike tiltak er lagt til rette for å generere læring ut frå forsøks- og utviklingsarbeidet. For prosjektkyrkjelydane har støttestrukturen med innføringskurs, mentor, kontaktperson, rap-

porteringsverktøy, fagdagar for medarbeidarar og regional oppfølging vore viktige reiskapar for læring. Ved å formulere planar og målsetjingar, reflektere rundt røynslar og vidareformidle desse, har kyrkjelydane vore med på å setje ord på eit til dels taust kunnskapsfelt i kyrkja. Det er skapt ein kultur i forsøkskyrkjelydane for skriftleggjeri av planar, evaluering av gjennomførte tiltak, og for å vere i kontinuerleg utvikling i fornyinga av trusopplæringsarbeidet i kyrkjelyden. Det finst no eit stort ressursmateriale i databasen som er bygd opp av rapportane frå kyrkjelydane. Materialet blir brukt kontinuerleg av prosjektleiinga, og evalueringsforskarane har gjort bruk av delar av materialet. Men her ligg framleis mykje råstoff til fagleg arbeid for å lære meir av prosjektkyrkjelydane sine røynslar. Arbeidsfellesskapet peikar i sin hovudrapport på at det står att mykje arbeid med å generere læring på grunnlag av det materialet som ligg føre. Det er viktig at det blir sett av

ressursar og utvikla metodikk for å arbeide vidare med dette. For å sikre at trusopplæringa framleis vil vere i utvikling etter at forsøksfasen er over, blir det viktig å vidareføre den faglege refleksjonen som støttestrukturen rundt forsøkskyrkjelydane har røynslar med.

Tenleg form

Arbeidet i nettverksgrupper har gitt gode røynslar med faglige prosessar der praksis og akademia møtes, deler kompetanse og reflekterer saman. Når røynslene i forsøksfasen skal brukast i prosessen med ny plan for trusopplæring og vidare utvikling av reforma, har nettverksgruppemetodikken vist seg som ei tenleg form for å arbeide og fagleggjere røynslene og gi dei overføringsverdi. Å vidareføre den faglege aktiviteten i form av kurs og konferansar for aktørane, både i praksisfeltet og i dei akademiske miljøa, er også nødvendig for å vidareutvikle den faglege debatten.

10. TRUSOPPLÆRING SOM SAMARBEIDSPROSJEKT

I forsøksfasen har det vore mykje samarbeid om å utvikle ei fornøya trusopplæring for alle døypte. Eitt av reforma sine slagord har vore: «Vi deler.» I arbeidet med å byggje opp ein prosjektorganisasjon for forsøks- og utviklingsfasen har det vore ei målsetjing å spele på lag med dei etablerte strukturane i Den norske kyrkja. Samarbeidet har gitt seg utslag på ulikt vis. Mange kyrkjelydar har gått saman i forpliktande samarbeid lokalt og har dermed hausta røynslar som er svært relevante for arbeidet med strukturspørsmål i Den norske kyrkja. Samarbeid har det også vore mellom regionale/nasjonale og lokale aktørar, både kristelege barne- og ungdomsorganisasjonar og andre instansar i den kyrkjelege strukturen.

10.1 Lokalt samarbeid

Da trusopplæringsreforma vart vedteken, vart det understreka at det i forsøksperioden skulle gjerast forsøk med samarbeid mellom kyrkjelydar. Ei så stor reform gir også viktige røynslar knytta til samarbeid og struktur og tenlege ordningar i kyrkja. I innleiinga til St.meld. nr. 41 (2004-2005) om kyrkja sin økonomi, heiter det:

Departementet ser trosopplæringsreformen som en av de største og viktigste reformene i kirken i nyere tid. Departementet framholder at utviklingen av denne reformen og de erfaringene reformen gir, må brukes aktivt i det reform- og fornyelsesarbeidet som retter seg mot de økonomiske, strukturelle og forvaltningsmessige rammene for kirkens arbeid.



Veka mellom sommerferien og skolestart gir mange foreldre hodebry. Kyrkjelyden i Førde har kalla den for «Vakuumveke», og inviterte til aktivitetsveke for sju- til tolvåringar. Veka vart ein «bu-heime-leir» og var så populært at det var behov for venteliste. Jo visst kan akkurat denne veka i året bli opplevd som eit vakuum, men namnet kjem av forbokstavane for: Venskap, Aktivitet, Undring, Uteliv og Mylding – grave ned såkorn. Borna vart betre kjende med kyrkja, og alle møtte opp – alle dagane!



Mange av forsøka er samarbeidsprosjekt mellom fleire kyrkjelydar, i tråd med vedtaket i Stortinget. Fram til 2007 er det igangsett 156 prosjekt som omfattar 350 kyrkjelydar. Det gir i snitt ca. to kyrkjelydar per prosjekt. Variasjonen er stor. Eitt prosjekt omfattar 11 sokn og fem fellestråd. Andre prosjekt er i små sokn. Det er mange ulike samarbeidskonstellasjonar som er prøvd ut: To sokn som samarbeider, sokn i eit tidligare prestegjeld, alle sokn innanfor eit fellestråd, alle sokn i eitt prosti, og samarbeidskonstellasjonar som går på tvers av andre strukturar og einingar i Dnk.

Reforma gir dermed røynsler med ulike samarbeidsmodellar for ei fornya trusopplæring. Det er mange kyrkjelydar som har hatt god effekt av å samarbeide om trusopplæringsprosjekt. Særleg gjeld dette små kyrkjelydar, som gjennom samarbeid blir store nok til å utvikle opplegg med god kvalitet, samstundes som dei tek vare på nærleiken til den utøvande trusopplæringa. Ein mentor meinte å ha

Fram til 2007 er det igangsett 156 prosjekt som omfattar 350 kyrkjelydar. Det gir i snitt ca. to kyrkjelydar per prosjekt.

sett at det var nødvendig for små kyrkjelydar å samarbeide om trusopplæring og å vere fleksible mht. kor aktivitetane skulle gå føre seg. Det same vil nok også kunne gjelde andre geografiske einingar.

Kyrkjelydane har ulike røynsler frå samarbeidet. For nokon kan det vere ei utfordring å sikre eigarskap i alle dei samarbeidande einingane. Andre la vekt på den gjensidige inspirasjonen som det gir å vere fleire.

50 til 100 døypte per år

Det ser ut til at store einingar gjennomgåande har lågare oppslutnad om sine tiltak enn snittet. Det verkar som om einingar med ca. 50 til 100 døypte i året er dei mest eigna einingane for å handtere ei så omfattande fornying av trusopplæringa. Den opplevde nærleiken mellom lokalmiljø og kyrkjelyd, frivillige medarbeidarar og tilsette, er viktige element for reformarbeidet. Det vil seie at mange kyrkjelydar bør samarbeide, men også at mange kyrkjelydar er så store at det i seg sjølv skaper utfordringar for ei fornya trusopplæring. Dette betyr også at eit fokus på den lokale kyrkjelyden som primærstad for nye ressursar til trusopplæringa bør vidareførast, også når reforma skal utvidast til alle kyrkjelydar.

I årsrapportane for 2007 vart det innhenta materiale om korleis kyrkjelydane evaluerte si samarbeidseining, og kva slags type eining dei vurderte som mest tenleg. Svare viste at dette måtte avgjerast i en lokal prosess, men dei peika på fleire moment i ei slik vurdering, som lokale skolekrinsar og alderen på målgruppa. For små barn kan det vere best med mindre einingar. For ungdom, som har større aksjonsradius, kan einingane utvidast.

Soknerådet sitt engasjement

I forsøks- og utviklingsfasen har sokneråda vore avsendar av prosjektsøknadene. Dei har vore avtalesubjekt og formell prosjekteigar. I dei fleste prosjektkyrkjelydane har sokneråda oppretta styringsgrupper med mandat til å leie prosjektet. Sokneråda sitt engasjement og eigarskap til trusopplæringsprosjektet er avgjerande for om prosjektet er blitt integrert i kyrkjelyden si verksemd, som igjen var viktig for å lykkast med måla i reforma. Sok-

nerådet sitt engasjement spela også inn på arbeidssituasjonen til dei tilsette og andre frivillige. Der soknerådet har mangla engasjement for prosjektet, har medarbeidarane følt seg åleine med ansvaret, og det har gått ut over prosjektet.

Det har vore krav om at fellesråda skal vere involverte i søknadsprosessen lokalt. Det vart sendt tildelingsbrev til dei aktuelle fellesråda som styrte tildeling av midlar til prosjekta. Fellesråda har ført rekneskapane for prosjekta og vore arbeidsgivar for dei tilsette i reforma. Ofte har fellesråda vore representerte i dei lokale styringsgruppene.

Tenlege einingar

Den norske kyrkja har ein krevjande struktur, og reforma måtte ta omsyn til den. Somme stader har det vore konflikta avdi dei ulike organa hadde ulik ståstad eller ulikt perspektiv og forståing. Dette har hemma framdrifta og måloppnåinga i prosjekta. Dei fleste stadene har likevel den prosjektorganisasjonen som er etablert i forsøks- og utviklingsfasen, fungert godt. Arbeidsfellesskapet konkluderer med at:

Den norske kirke har maktet å ta i bruk denne nye, og forholdsvis radikalt annerledes prosjektarbeidsformen på en god måte. Det representerer sannsynligvis en erfaring og en læring med høy overføringsverdi til andre sider ved kirkens virksomhet, enten det gjelder andre reformer eller gjennomføring av avgrensede strategiske satsinger. (Hauglin m.fl. 2008: s.61)

I 2008 vart det sett i gang forsøk i 129 nye kyrkjelydar, fordelt på 12 prosti. I fleire av prostia var det alt prosjektkyrkjelydar. Ein sentral del av dette forsøket var prosessen med å etablere tenlege einingar for å drive ei fornya trusopplæring for alle døypte lokalt. Røynslene frå desse prosessane vil vere viktige å ta med seg i videreføringa av reforma.

10.2 Samarbeid med organisasjonane

Det er lang tradisjon for at mykje av det kontinuerlege lokale barne- og ungdomsarbeidet i Den norske kyrkja er tilslutta ein nasjonal frivillig organisasjon. Det lokale medvitet om organisa-

sjonstilknytning er ofte sterkt, men noko varierende. Organisasjonane er også medvetne om deira rolle i kyrkja si trusopplæring, og fleire av dei har tilpassa sitt opplegg til Dåpsopplæringsplanen av 1991. Organisasjonane handlar lokalt, regionalt

Der soknerådet har mangla engasjement for prosjektet, har medarbeidarane følt seg åleine med ansvaret, og det har gått ut over prosjektet.

og nasjonalt, og har lang tradisjon i utarbeiding av metodikk, leiartrening, hjelpemateriell, støttelitteratur og forsøksverksemd. Deira rolle i trusopplæringsreforma blir understreka av stortingskomiteen i behandlinga av trusopplæringsreforma:

Komiteen mener at aktiv deltaking og engasjement fra kirkens frivillige organisasjoner som driver barne- og ungdomsarbeid og fra de mange enkeltpersoner, er viktig for at fornyingen og styrkingen av trosopplæringen skal få den ønskede bredde og omfang.

Samstundes understreka komiteen at

... det er menighetene lokalt som skal være garantisten for at bredden i folkekirken blir ivaretatt i opplæringen. Samarbeid med ulike organisasjoner må legge til grunn at opplæringen skal ha inkludering og respekt for mangfold som mål. Komiteen vil derfor understreke at frivillige organisasjoner kan være en del av opplæringen i den grad de respekterer opplæringens krav til inkludering og mangfold.

Organisasjonane sin sentrale plass

Styringsgruppa for trusopplæringsreforma har drøfta rollen organisasjonane har i reforma og understrekar organisasjonane sin sentrale plass. Styringsgruppa har vidare vore opptekne av å finne gode samarbeidsrelasjonar med dei frivillige organisasjonane, og har teke omsyn til at organisasjonane sin kompetanse og kapasitet skal kunne spele konstruktivt inn i utviklinga av ei ny trusopplæring i Dnk. Dette har først og fremst gjort seg gjeldande i eit omfattende samarbeid lokalt. I utlysingar frå Styringsgruppa av kyrkjelydsprosjekt har tilhøvet til barne- og ungdomsorganisa-

sjonane vore etterspurt, og organisasjonane har vore utfordra til å utvikle samarbeidsprosjekt.

Ut frå reforma sine politiske føringar med primært fokus på den lokale kyrkjelyden valde Styringsgruppa i 2005 å lyse ut regionale og nasjonale prosjekt der også barne- og ungdomsorganisasjonane vart inviterte til å søkje om utviklingsmidlar.

I utlysingsbrevet frå 2007 blir det uttrykt på denne måten:

Organisasjoner, institusjoner og andre fagmiljø inviteres til å forme sine prosjekt i lys av reformens målsetting og verdier... For å utvikle en slik trosopplæring vil vi stimulere til forsøksarbeid, læring og utvikling av ressurser og materiell. Vi ønsker regionale og nasjonale prosjekter som bidrar til å nå hele bredden av de døpte, og som er relevante for trosopplæringsarbeidet som foregår i lokalmenigheten. Dette kan gjøres på ulik måte ut fra geografisk, demografisk og kulturell egenart.

Regionale og nasjonale prosjekt

Dei innvilga prosjekta har bidratt til både metode-, fag- og materiellutvikling for ei fornøya trusopplæring. Til saman er det sett i gang 78 regionale og nasjonale prosjekt, og desse har drive eit omfat-

og bra annonsering og kommunikasjon mellom sentralledelsen og potensielle søkere. Det foregår et omfattende forsøks- og utviklingsarbeid, der de nasjonale og regionale prosjektene har bidratt til å aktivisere mange ulike aktører i reformarbeidet som barne- og ungdomsorganisasjonene. Det kan vises til mange konkrete og spennende resultater i form av artikler, materiell og ulike typer samlinger. Dette har stor betydning for utvikling av reformen og for kompetanseheving på trosopplæringsfeltet hos de ulike aktørene. Erfaringer som er gjort i forsøkene, kommer alle menighetene i Den norske kirke til gode. Undervegsrapport 3, kapittel 5.

I tillegg til desse prosjekta har det vore mange møtepunkt mellom organisasjonane og trusopplæringsreforma. I dei første åra vart det halde egne møte, men etter ønske frå organisasjonane om betre samkøyring, vart dette koordinert med anna samarbeid med organisasjonane i Kyrkerådet. Sekretariatet har derfor møtt med ein representant i SBU (Samarbeidsråd for barne- og ungdomsorganisasjonane). Sekretariatet har også vore med på på stabsmøte, fagdagar og planverkstader, og hatt møte med leiinga i fleie av organisasjonane. Alle dei store organisasjonane er no med og bidrar til den store nasjonale markeringa «LysVåken» i 2008.

Samarbeid lokalt

Ca. 62 prosent av prosjektkyrkjelydane sa dei samarbeidde med ein eller fleire organisasjonar lokalt i trusopplæringa. Dette samarbeidet har ulike former, og varierer frå å gå saman om å finansiere ei stilling til aktivt samarbeid om aktivitetar eller bruk av organisasjonane sine leirstader. I Delrapport 4, der Arbeidsfellesskapet sammenliknar prosjektkyrkjelydar med ikkje-prosjektkyrkjelydar, kom det fram at prosjektkyrkjelydane samarbeidde med kristelege barne- og ungdomsorganisasjonar i større grad enn ikkje-prosjektkyrkjelydar. Det same var tilfellet med andre frivillige organisasjonar, økumenisk samarbeid, og med involvering av frivillige medarbeidarar. Så når prosjektkyrkjelydane er blitt tilført nye ressursar til å fornye sin trusopplæring, har dei samtidig auka samarbeidet med andre aktørar for saman å nå lenger ut med sine tilbod.

Når prosjektkyrkjelydane er blitt tilført nye ressursar til å fornye si trusopplæring, har dei samtidig auka samarbeidet med andre aktørar for saman å nå lenger ut med sine tilbod.

tande utviklingsarbeid. Dei aller fleste barne- og ungdomsorganisasjonane knytta til Den norske kyrkja har vore med i reforma gjennom slike prosjekt. Dei har tilført kyrkja si trusopplæring engasjement, kompetanse og kvalitet.

Kor viktige desse prosjekta har vore, får vi inntrykk av i Arbeidsfellesskapet sin Undervegsrapport 3:

Det er av betydning å merke seg at man her har lyktes i å få involvert mange ulike aktører innenfor et bredt spekter av sammenhenger i Den norske kirke. Det tyder både på stort engasjement ute i feltet

Nødvendig samarbeid

Fleire av forsøkskyrkjelydane trekte fram samarbeid med dei kristne organisasjonane som viktig for å få til ei samanhengande og systematisk trusopplæring. Å bruke aktørar frå det kontinuerlege arbeidet i dei avgrensa tiltaka, og motsett, blir framheva som ein styrke. Slik såg ein at også det kontinuerlege arbeidet fekk vekst. Skal ein opp i eit ønska tal timar med trusopplæring, ser ein at det er nødvendig å samarbeide med organisasjonane om tiltaka. Ein mentor peika på at det både var spennande og utfordrande å få dei kontinuerlege tiltaka som har pågått i mange år, til å oppleve seg som ein del av trusopplæringa. Somme stader har det vore ei viss spenning når det gjeld dette tilhøvet.

Det er mange døme på at samarbeidet med ulike organisasjonar har styrkt den lokale trusopplæringa. Prosjektet i Hof og Åsnes på Finnskogen har eit breitt samarbeid med mange aktører:

ACTA –Barn og unge i Normisjon
Hedmark Oppland KFUK/KFUM
Hof Østre Jeger- og Fiskerforening
Norsk Trafikksenter i Våler
Åsnes Indremisjon
Bjerkely Folkehøyskole
Pilegrim Oslo
Helsestasjonen for ungdom i Åsnes
Mesnali leirsted, drevet av NMS

Dei rapporterer at samarbeidet med dei ulike organisasjonane har vore kreativt, og at røynslene er gode. Saman har dei vidareutvikla tiltaka som er blitt betre og meir attraktive, sidan det har ført til større variasjon på aktivitetane. Samarbeidet har vore med på å inspirere og motivere medarbeidarane.

Somme organisasjonar har vore bekymra for rolla dei ville få i ei fornya trusopplæring. Andre har understreka den nye utfordringa trusopplæringsreforma gir dei som kristelege barne- og ungdomsorganisasjonar.

Arbeidsfellesskapet seier i sin sluttrapport, kap. 14.5:

Forholdet mellom de kristne barne- og ungdomsorganisasjonene og menighetens forsøksvirksomhet danner et viktig, men noe uavklart tema. Gjennom store tildelinger til enkeltmenigheter i trosopplæringens forsøksfase med oppbyggingen av en ny organisasjon og nye tiltak, har det skjedd endringer i samspeillet mellom menighetene og organisasjonene.

Kva slags endringar dette har medført for dei ulike organisasjonane, er enno for tidleg å seie. Ulike organisasjonar har opplevd og agert ulikt i forhold til samarbeid om kyrkja si trusopplæring ut fra ulike historikk, ståstad og særdrag.

Sentral rolle

Ei interessant utvikling er at samstundes som trusopplæringsreforma har pågått, har dei fleste kristelege barne- og ungdomsorganisasjonane til-

Saman har dei vidareutvikla tiltaka som er blitt betre og meir attraktive.

knytta Den norske kyrkja opplevd ein vekst i medlemstalet, slik det framgår av Fordelingsutvalget sine oversyn.

Frå Styringsgruppa si side er det heile tida blitt understreka at organisasjonane har ei sentral rolle,

Når born skal få eit nærmare forhold til høgtidene i kyrkja, symbola og historier, er praktisk formingsarbeid ein flott måte å gjere det på. Men korleis? Mali Smemo Hjemdal med butikken «Hobbyassistenten» fekk prosjektmidlar til å utarbeide eit idéhefte som kan lastast gratis ned frå www.hobbyassistenten.no. Prosjektet fekk tittelen «Trusopplæring gjennom fingrane» – og det er nettopp det som skjer når ideane er gode og gjennomtenkte.



Flyplassen på Gardermoen har lyttedusj. Men den er ikkje lenger ålone. To kyrkjer i Hallingdal har fått fargesprakande lyttedusjar som born mellom fem og tolv år kan få krype inn i. Der kan dei sitje i ein saccosekk, trykkje på ei teikning for å velje kva for bibelhistorie dei vil høyre – fortald på vaskekte hallingmål. – Vi er eit prostiprojekt, noko som gjer at våre fire prosjektmedarbeidarar ikkje kan vere på så mange stader på same tid som vi ønskjer. Men lyttedusjen synest og høyrest, fortel Tonje Røgeberg.



og at det er viktig at kyrkjelydane samarbeider med organisasjonane.

I videreføringa av trusopplæringsreforma blir det difor også viktig å finne måtar å leggje til rette for eit offensivt og konstruktivt samarbeid mellom Den norske kyrkja og dei kristelege barne- og ungdomsorganisasjonane om ei fornya trusopplæring for alle.

10.3 Breitt samarbeid

I heile forsøks- og utviklingsperioden har trusopplæringsreforma vore kjenneteikna av eit sterkt lokalt fokus. Det er dei lokale kyrkjelydane ved soknerådet som har sendt prosjektsøknaden. Lokale råd, frivillige og tilsette, har vore engasjerte både i søknadsprosessen og i gjennomføringa. Det er også dei lokale kyrkjelydane som har søkt formåls-tenlege samarbeidseiningar for å fornye kyrkja si trusopplæring.

På regionalt/nasjonalt nivå har ein høve til metodeutvikling og til å gjennomføre arrangement som vanskeleg lar seg gjere lokalt. Samstun-

ressursar og aktivitetar den einskilde kyrkjelyden ikkje kan gjere ålone. Prosjekta i Hallingdal prosti og i Gjøvik er døme på dette. Ein anna hovudtype av slikt samarbeid har vore når ein regional aktør har tilbode ressursar og arrangement til lokale kyrkjelydar i eit større område. Døme på dette var prosjektet «Roadservice» og prosjektet i Øre og Gjemnes. Der har dei samarbeidd med folkehøgskolen Høgtun for å utvikle og gjennomføre samlingar for 11–12-åringar.

Samarbeid stimulerer

I Hamar bispedømme har dei røynsler med ein kombinasjon av desse formene for samarbeid. Dei grunn gav og presenterte forsøket sitt slik:

De fleste menighetene i Hamar bispedømme er små og med lav kirkelig bemanning. De kristne organisasjonene har ganske begrenset lokalt arbeid, og det er få medarbeidere å spille på. Det er tungt både å starte og drive kristent arbeid. Derfor kom ideen om å samarbeide! I 1997 tok Hedmark og Oppland krets av KFUK-KFUM initiativet til å starte en konfirmantleir hvor menigheter i Hamar bispedømme kunne melde seg på. Tilbudet begynte i det små og har vært i stadig vekst. I dag er over 1500 mennesker med på ulike leirer, arrangementer og kurs hvert år. I 2007 fikk 40 menigheter i Hamar bispedømme trosopplæringsmidler for å kunne videreutvikle disse leirene og samlingene, med særlig fokus på innhold. Prosjektet arbeider med en helhetlig og sammenhengende plan for trosopplæringen. Målgruppen er utvidet og omfatter nå aldersgruppen 10–18 år.

Når dei reflekterte over kva dei hadde lært gjennom forsøksfasen, drog dei fram dette om samarbeid:

Frå Styringsgruppa si side er det heile tida blitt understreka at organisasjonane har ei sentral rolle, og at det er viktig at kyrkjelydane samarbeider med organisasjonane.

des er det lokalt kyrkjelydane har beste kontakten med breidda av dei døypte. Samarbeidet har arta seg på ulike måtar. Lokale kyrkjelydar har gått saman i store einingar som til saman kan tilby

Samspill: 1000 mennesker reiser hjem fra leirer i Kragerø med mange gode opplevelser, mange erfaringer og mye kunnskap. 40 menigheter reiser hjem med sine konfirmanter og skal fortsette i lokalmenigheten. Med seg i bagasjen har de masse flotte sanger, opplegg for kreativt bibelarbeid, kveldsavslutninger, leker, fellesskapsopplevelser, bibelgruppeopplegg, egen DVD med både små andakter og minner fra leiren. Alt dette tar de med seg og bruker videre...

Røynslene frå forsøksfasen viser kor stimulerande og strategisk samarbeid er. Det er med på å gjere trusopplæringa som skjer lokalt rikare, og legg til rette for gode oppvekstvilkår og læringsarenaer for barn og unge der dei bor. Slikt samarbeid stimulerer også utviklinga i dei lokale kyrkjelydane gjennom å tilføre ulik kompetanse og røynsle. I opptrappinga av reforma bør det stimulerast til vidare samarbeid.

